Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	925 904 937
Organisasjonsform:	Aksjeselskap
Foretaksnavn:	SOGNEKRAFT MOR AS
Forretningsadresse:	Røysavegen 1 6893 VIK I SOGN

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2020 - 31.12.2020

Konsern

Morselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Ja

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet:	Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Grunde Engan
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	05.06.2021

Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskapet er elektronisk innlevert

År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 19.07.2022

Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
RESULTATREKNESKAP			
Driftsresultat			
Finansinntekter og finanskostnader			
Inntekt på investering i andre selskap	5, 16	14 509 000	
Sum finansinntekter		**14 509 000**	
Netto finans		**14 509 000**	
Ordinært resultat før skattekostnad		**14 509 000**	**0**
Ordinært resultat etter skattekostnad		**14 509 000**	**0**
Årsresultat		**14 509 000**	**0**
Overføringar og disponeringar			
Ordinært utbytte		14 509 000	
Sum overføringar og disponeringar		**14 509 000**	

Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle eigedelar			
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap	5, 8	612 935 000	
Sum finansielle anleggsmiddel		**612 935 000**	
Sum anleggsmiddel		**612 935 000**	**0**
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Konsernkrav		14 509 000	
Sum krav		**14 509 000**	
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot	7	82 000	
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		**82 000**	
Sum omløpsmiddel		**14 591 000**	**0**
SUM EIGEDELAR		**627 526 000**	**0**
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	13, 12	144 220 000	
Overkurs	12	468 695 000	
Sum innskoten eigenkapital		**612 915 000**	
Sum eigenkapital		**612 915 000**	**0**

Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Sum langsiktig gjeld		**0**	**0**
Kortsiktig gjeld			
Skattetrekk, feriepengar, off. avgifter	7	-4 000	
Utbytte	12	14 509 000	
Påløpne kostnader / anna kortsiktig gjeld	17	106 000	
Sum kortsiktig gjeld		**14 611 000**	
Sum gjeld		**14 611 000**	**0**
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		**627 526 000**	**0**

Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Energisal	3	147 655 000	439 041 000
Kraftoverføring	6	100 594 000	96 547 000
Telekom	2	59 287 000	49 558 000
Andre driftsinntekter	2	90 174 000	50 153 000
Sum inntekter		**397 710 000**	**635 299 000**
Kostnader			
Energikjøp	3	81 273 000	272 740 000
Overføringskostnader		22 237 000	23 209 000
Anna varekostnad		13 350 000	19 178 000
Personalkostnad	14, 15	57 878 000	59 266 000
Avskrivingar	4	39 927 000	34 492 000
Andre driftskostnader	14, 18	50 971 000	40 822 000
Eigedomsskatt og avgifter		12 188 000	10 172 000
Sum kostnader		**277 824 000**	**459 879 000**
Driftsresultat		**119 886 000**	**175 420 000**
Finansinntekter og finanskostnader			
Inntekt på investering i andre selskap	5, 16	-8 118 000	20 313 000
Finansinntekt	16	21 500 000	3 118 000
Sum finansinntekter		**13 382 000**	**23 431 000**
Finanskostnad	20, 16	45 689 000	43 551 000
Sum finanskostnader		**45 689 000**	**43 551 000**
Netto finans		**-32 307 000**	**-20 120 000**
Ordinært resultat før skattekostnad		**87 579 000**	**155 300 000**
Skattekostnad grunnrente		-5 231 000	33 859 000
Skattekostnad på overskot	11	11 552 000	27 778 000
Ordinært resultat etter skattekostnad		**81 258 000**	**93 663 000**
Årsresultat		**81 258 000**	**93 663 000**

Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Minoritetsinteresser	12	2 174 000	1 628 000
Årsresultat etter minoritetsinteresser		**79 084 000**	**92 035 000**
Overføringar og disponeringar			
Ordinært utbytte		16 069 000	25 870 000
Overført til anna eigenkapital		63 015 000	66 165 000
Sum overføringar og disponeringar		**79 084 000**	**92 035 000**

Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle eigedelar			
Fallrettar		155 867 000	154 367 000
Andre immaterielle eigendelar		351 000	4 928 000
Utsett skattefordel	11	14 962 000	9 729 000
Sum immaterielle eigedelar		**171 180 000**	**169 024 000**
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og anna fast eigedom	4	116 133 000	96 402 000
Reguleringsanlegg og kraftstasjonar	4	135 512 000	140 155 000
Nett- og fiberanlegg	4	618 985 000	511 463 000
Fjernvarmeanlegg	4	24 181 000	24 737 000
Andre driftslausøyre	4	89 008 000	84 192 000
Anlegg under arbeid	4	96 154 000	731 416 000
Sum varige driftsmiddel	4, 10	**1 079 973 000**	**1 588 365 000**
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i tilknytt selskap	5	230 536 000	56 559 000
Lån til tilknytt selskap og felles kontrollert verksemd	8	281 657 000	
Investeringar i andre aksjar og andelar	5	179 787 000	179 787 000
Andre langsiktige fordringar	8	44 476 000	43 910 000
Sum finansielle anleggsmiddel		**736 456 000**	**280 256 000**
Sum anleggsmiddel		**1 987 609 000**	**2 037 645 000**
Omløpsmiddel			
Varer			
Varelager		8 300 000	7 079 000
Sum varer		**8 300 000**	**7 079 000**
Krav			
Kundefordringar		120 387 000	126 599 000
Netto mindreinntekt	6	3 362 000	
Andre fordringar, forskotsbetalte kostnader		5 044 000	9 003 000
Sum krav		**128 793 000**	**135 602 000**

Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot	7	105 473 000	56 519 000
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		**105 473 000**	**56 519 000**
Sum omløpsmiddel		**242 566 000**	**199 200 000**
SUM EIGEDELAR		**2 230 175 000**	**2 236 845 000**
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	13, 12	144 220 000	144 220 000
Overkurs	12	468 695 000	43 170 000
Sum innskoten eigenkapital		**612 915 000**	**187 390 000**
Opptent eigenkapital			
Anna eigenkapital	12	27 703 000	388 479 000
Minoritetsinteresser	12	12 455 000	10 841 000
Sum opptent eigenkapital		**40 158 000**	**399 320 000**
Sum eigenkapital	12, 19	**653 073 000**	**586 710 000**
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Pensjonsplikter	15	20 795 000	22 964 000
Utsett skatt	11	13 551 000	5 257 000
Sum avsetjingar for plikter		**34 346 000**	**28 221 000**
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar		1 400 000 000	1 400 000 000
Øvrig langsiktig gjeld		675 000	675 000
Sum anna langsiktig gjeld	9, 10	**1 400 675 000**	**1 400 675 000**
Sum langsiktig gjeld		**1 435 021 000**	**1 428 896 000**
Kortsiktig gjeld			

Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Leverandørgjeld		58 720 000	83 258 000
Påløpne skattar	11	8 253 000	52 911 000
Skattetrekk, feriepengar, off. avgifter	7	25 609 000	17 860 000
Utbytte	12	16 069 000	25 870 000
Netto meirinntekt	6		7 550 000
Påløpt kostnad, anna kortsiktig gjeld	17	33 431 000	33 789 000
Sum kortsiktig gjeld		**142 082 000**	**221 238 000**
Sum gjeld		**1 577 103 000**	**1 650 134 000**
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		**2 230 176 000**	**2 236 844 000**

2020

– Set krefter i sving

Sognekraft

Sognekraft

INNHALD

Direktøren har ordet	s. 3
Konsernstruktur	s. 4
Hovudtal	s. 6
Verdiskaping	s. 7
Årsmelding frå styret	s. 9
Resultat	s. 24
Balanse	s. 25
Kontantstraumanalyse	s. 27
Notar	s. 28
Revisjonsmelding	s. 42

VI ER I GANG

Konsernsjef Terje B. Nævdal

Koronaåret 2020 har vist at vi taklar store utfordringar. Samstundes som pandemien råka landet og sende oss på heimekontor, har vi klart å vidareføre våre oppgåver og prosjekt. Trass pandemien har vi halde høg aktivitet og gjennomført omfattande organisasjonsendringar. Eg er stolt over jobben som er gjort.

Krav i energilova påla oss å skilje nettverksemda i energiselskapa ut i eige selskap. Difor vart 2020 prega av omstrukturering og konserndanning. Dei nye lovkrava og marsjordren frå sentrale styresmakter har fått oss til å tenkja og gjere litt meir. Kva er best for Sognekraft-konsernet og kundane våre? Kva gjer oss best rusta til å vera den drivkrafta vi ynskjer i Sogne-regionen? Vi har vore gjennom omfattande prosessar. Det er ikkje berre å riva gamle solide strukturar og byggja opp nytt, som skal vera fundamentet for heile konsernet. Med godt samarbeid meiner eg at vi har klart å finne ein god modell, som skal gjera oss best mogleg i stand til å setja nye krefter i sving i åra framover.

Våren 2020 starta vi opp Leikanger kraftverk, som produserer fornybar energi. Kraftverket har full produksjon i 2022. Strategien vår om å gjennomføra store utviklingsprosjekt og investeringar i eigen regi har vore tøff og krevjande for organisasjonen vår. Det har vore rett strategi med tanke på kostnadseffektivitet og kompetansebygging. På nett byggjer vi eigne nettanlegg og linjer, både billegare og betre enn før. Vi byggjer ut superrask fiber i heile Sogn og Sognenett er vorten den føretrekte internettleverandøren.

Sygnir AS heiter det nye nettselskapet vårt, og ved å slå det saman med Lærdal Energi Nett og Aurland Energi Nett står vi sterkare enn nokon gong til å utvikla Sogne-regionen. Det gjer vi og ved å styrke kompetansen innan ny teknologi. I 2020 vart vi igjen kåra av DLV og Distriktsenergi til eit av dei mest innovative energiselskapa, fordi vi tek i bruk ny teknologi og nye metodar for å betra eigen effektivitet - og kan derfor drifta betre og billegare for kundane våre.

2020 vart året då vi slo oss saman med gode krefter i SFE Kraft, Tussa 24 og Tafjord Marked for å utvikla forretningsområdet kraftsal til straumkundar. I 2021 vil eit nytt straumsalselskap med desse fire partnerane gjera seg gjeldande på den norske marknaden. Dei vil ta med eigne og nye kundar på ei digital reise som vert svært spennande. Å tilby nye digitale tenester som straumleverandør er ikkje mogleg for Sognekraft å gjere åleine, men saman med SFE Kraft, Tussa 24 og Tafjord Marked er vi klar til å konkurrera med kven som helst til beste for kundane våre.

Sognekraft har gode framtidsutsikter. No gjer vi det med ein ny organisasjon i eit sterkt og samlande konsern med vitale og offensive dotterselskap. Vi vil vera med å skapa framtida. Vi vil at Sognekraft skal vera ei drivkraft i Sogne-regionen.

Terje Bakke Nævdal
Konsernsjef

Sognekraft

KONSERNSTRUKTUR



4

STYRET

Styret i Sognekraft MOR AS består av styreleiar Geir Arve Sandvik, nestleiar Laura Kvamme og styremedlemmene Marta Finden Halset, Brita Holstad, Arne Andreas Riisnes og Silje Skaar Sunde. Stig Roar Hovland og Stian Skåsheim, som er valde av og mellom dei tilsette i dotterselskapet Sognekraft AS, deltek som observatørar i morselskapet.

Frå venstre: Silje Skaar Sunde, Stian Skåsheim, konsernsjef Terje Bakke Nævdal, Geir Arve Sandvik, Marta Finden Halset, Arne Andreas Riisnes, Laura Kvamme, Stig Roar Hovland og Brita Holstad.

Sognekraft

HOVUDTAL KONSERN

	2020	2019	2018	2017	2016
Resultat					
Sum driftsinntekter	398	635	680	381	330
EBITDA	160	210	325	122	129
Driftsresultat	120	175	285	5	94
Resultat før skatt	88	155	255	-18	80
Årsresultat	81	94	162	-41	40
Kontantstraum					
Netto kontantstraum frå drift	19	103	65	136	98
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	55	-350	225	-448	-406
Avskrivingar og nedskrivingar	40	34	40	117	34
Betalt utbytte	-26	-24	0	-10	-17
Balanse					
Totalkapital	2230	2237	2035	2124	1696
Eigenkapital	653	587	524	379	432
Frie likviditetsreservar	105	57	100	153	197
Renteberande gjeld	1401	1401	1201	1426	1426
Netto renteberande gjeld	1010	1315	1086	1362	1362
Nøkkeltal økonomi					
Eigenkapitalavkastning i %	13,1	16,9	33,8	-10,1	9,6
Totalkapitalrentablitet i %	1,6	2,3	6,1	-3,7	3,9
Eigenkapitalandel, bokført i %	29	26	26	18	26
Eigenkapitalandel, ex kraftverk under bygging, i %	32	37	32	24	31
Netto renteberande gjeld/EBITDA	6,3	6,3	3,3	11,1	10,6
Netto renteberande gjeld/EBITDA, ex kraftverk under bygging	6,2	3,2	2,2	6,8	10,6
Rentedekningsgrad	6,6	4,8	6,4	4,0	6,6
Nøkkeltall HMT					
Tal tilsette pr 31.12	118	119	114	104	104
Tal årsverk i året	110	103	93	93	94
Sjukefråvær i %	3	3	2,6	3,4	3,1
Skader (H1) med fråvær pr mill. arbeidstimar	5	6	0	6	18
Skader (H2) med og utan fråvær pr mill. arbeidstimar	10	28	6	12	24
Nøkkeltal drift					
Vasskraftproduksjon, verkeleg	695	566	770	627	671
Vasskraftproduksjon, årsmiddel	767	663	737	591	593
Gjennomsnittleg spotpris NO5	9,7	38,7	41,4	26,9	23,1
Forbruk i eige område	271	271	273	262	262
Volum seld kraft til sluttbruk	792	729	637	570	376
Tal målepunkt	9531	9452	9338	9210	9075
Nettkapital (NVE-kapital)	639	541	454	383	383
Tal breibandkundar	7746	6998	6322	5708	4631

VERDISKAPING OG STØTTESPELAR

I over 70 år har Sognekraftkonsernet gitt til lokalsamfunnet i form av arbeidsplassar, energiforsyning, sponsing og nyskapingsevne. Sognekraft ynskjer å vere medspelar, samtidig som vi leverer viktige produkt på ein berekraftig og trygg måte.

Samfunnsrekneskapen viser verdiane som er skapt fordelt på ulike interessegrupper. I tillegg får innbyggjarane støtte og sponsing til frivillige lag, organisasjonar og arrangement.

- Tilsette får løn og sosiale ytingar.
- Eigarane får utbytte og verdien i selskapet dei eig aukar.
- Lånegjevarane får renteinntekter.
- Stat og kommune får skatt frå arbeidstakarar og Sognekraft.

Lokal støttespelar
Sognekraft støttar aktivitetar innan kultur og idrett, med vekt på breiddetiltak retta mot barn og unge. I vårt forsyningsområde er Sognekraftlogoen synleg på draktryggen til nær alle miniputtar og aldersfastlagde lag. Vi er ein stor støttespelar innan anna kultur. Sognekraft ynskjer å vere med og skape grobotn for sunne interesser og aktivitetar. Slik set vi krefter i sving, til beste for innbyggjarar og lokalsamfunn.

Campus Sogndal blei bydt etter initiativ frå Sogndal Fotball for å samla idrett, forsking og utdanning. Dette arbeidet har vore, og er, ei drivkraft i utviklinga av lokalsamfunn, skule og næringsliv i Sogn. Sognekraft støttar dette arbeidet, og samarbeidsavtalen med Sogndal Fotball er Sognekraft sin største enkeltsponsorsatsing.

Sognekraft

VERDISKAPINGSREKNESKAP

	2020	2019
Totale driftsinntekter	397 711	635 299
+ aktiverte lønns- og personalkostn.	39 996	34 164
+ aktiverte rentekostnader	4 431	17 994
- forbruk varer og tenester	-168 246	-356 111
Brutto verdiskaping	**273 891**	**331 346**
- ordinære av- og nedskrivingar	-39 927	-34 492
Netto verdiskaping	**233 964**	**296 854**
+ finansinntekter	13 382	23 430
= Totale verdiar til fordeling	**247 346**	**320 284**
Fordeling av verdiskaping		
Tilsette		
Netto lønn og sosiale ytingar	63 635	63 796
Kapitalinnskytarar		
Renter til kredittytarar	50 120	61 545
Renter og utbytte til eigarar	16 069	25 870
Stat, fylke og kommune		
Skatt	6 322	61 635
Skattetrekk tilsette	24 225	19 536
Eigedomsskatt	12 188	10 172
Arbeidsgjevaravgift	10 014	10 098
Andre offentlege avgifter	1 758	1 476
Konsernet		
Tilbakehalde overskot	63 016	66 165
Sum fordelte verdiar	**247 346**	**320 293**



8

ÅRSMELDING FRÅ STYRET

Konsernet Sognekraft produserer og forvaltar fornybar energi og konsernet si verksemd omfattar produksjon, distribusjon og sal av energi, breiband og tenester knytt til desse kjerneområda. Morselskapet Sognekraft MOR AS vart stifta 26. oktober 2020 og har forretningsadresse i Vik i Sogn. Konsernet sitt driftsresultat før av- og nedskrivingar vart på 160 mNOK, samanlikna med 210 mNOK i 2019. Det vart produsert 695 GWh rein energi frå Sognekraftkonsernet sine eigardelar i vasskraftanlegg i 2020. (2019: 556 GWh). Årsresultatet for 2020 vart på 81 mNOK mot 94 mNOK i 2019. Morselskapet har ikkje hatt operativ verksemd i 2020.

Viktige hendingar i 2020

Reorganisering av konsernet
Førebuing til reorganisering av konsernet har prega heile 2020. Nytt morselskap Sognekraft MOR AS vart stifta 26. oktober 2020, ved at eigarane skaut inn sine aksjar i Sognekraft AS i det nystifta selskapet. Bakgrunnen for dette er dei nye krava til selskapsmessig skilje i energilova §4-6. Det vart deretter gjort vedtak om å skilje ut nettverksemda, kraftsal til sluttbrukarar og fiberaktiviteten frå Sognekraft AS til dei nye selskapa; Sygnir AS, Sognekraft Straum AS og Sognekraft Fiber AS. Dei utfisjonerte verksemdene er operative med rekneskapsmessig verknad frå 1. januar 2021.

Driftstart av Leikanger kraftverk
Leikanger kraftverk vart sett i drift 29. april 2020 med vatn frå dalføret Grindsdalen. Produksjonen vart i 2020 på 83,7 GWh, som var noko høgare enn forventa. Overføringa i lang tunnel frå Henjadalen vart ferdigstilt i mars 2021. Rehabilitering av demning ved utløpet av Store Trastedalsvatnet skal vere ferdig i 2022. Forventa årsproduksjon i eit normalår er på 208 GWh.

Samanslåing av nett- og fiberaktiviteten i Indre Sogn
I desember vart det inngått avtale om at Aurland Energiverk, Lærdal Energi og Sognekraft skal slå saman nettselskapa sine til Sygnir og fiberaktiviteten til Sognekraft Fiber. Nettselskapet får om lag 80 tilsette og har ambisjonar for vekst og utvikling i Sogn. Sygnir skal drifta og utvikla straumnettet i kommunane Vik, Sogndal, Lærdal og Aurland. Forretningsadressa er i Vik. Sygnir skal ha ein desentralisert struktur med kontor, basar og aktivitet i alle kommunane. Sognekraft Fiber får forretningsadresse i Lærdal.

Samarbeid om framtidig straumsal
Kraftkonserna Tussa, SFE, Tafjord starta hausten 2020 eit samarbeid om framtidig straumsal i eit nytt felleseigd selskap. Sognekraft inngjekk i desember 2020 avtale om ta del i dette partnarskapet. Frå mai 2021 er Sognekraft MOR AS ny deleigar i lag med dei tre andre etter å ha selt aksjane i Sognkraft Straum med oppgjer i nye aksjar. Det nye selskapet har ein desentralisert struktur med kontoradresser og arbeidsplassar på Sandane (SFE), i Ålesund (Tafjord), Ørsta (Tussa) og Vik (Sognekraft). Tilsette som har arbeidd med straumsal for Sognekraft tidlegare held fram med dette i det nye selskapet og har kontorplass i Vik.

Høgspentlinjer med minimalt miljøavtrykk
Nettverksemda bygde sjølv ny 132 kV linje mellom Suppam og Grindsdalen transformatorstasjon med banebrytande kjerneboringsteknologi og kompositttmaster. HMS-gevinst for energimontørane, lite avtrykk i terrenget gjev stor gevinst for miljøet og betre forsyningssikkerheit for straumnettet og nettkundane våre.

Nettverksemda har også synergiar i samband med nett-tilknyting av nye Nessane kraftverk til oppgradering av nettanlegg. Ei svært kostnadseffektiv 7,5 km lang 22 kV kraftlinje mellom Nessane kraftverk og Lånefjorden vart bygd i eigen regi med ny kjerneboringsteknologi i fjell og enkle kompositttmaster. Kraftlinja bidreg til styrka forsyningssikkerheit i Balestrand.

Bygging av nye Kaupanger transformatorstasjon
Nettverksemda byggjer transformatorstasjon med ny miljøvenleg gassisolerande teknologi – eit BlueGIS stasjonsanlegg. Den nye transformatorstasjonen betrar vesentleg forsyningssikkerheit og nettkapasitet i eit område med sterk nærings- og forbruksvekst og mogeleggjer mellom anna elektrifisering av ferjer og fly i åra som kjem.

Kjøp av Leirdøla transformatorstasjon
Statnett byggjer ny transmisjonsnettstasjon i Leirdøla og sel den gamle transformatorstasjonen til Sygnir. Transaksjonsavtalen er signert. Overdraginga av transformatorstasjonen er planlagd og koordinert med oppstart av nye transmisjonsnettstasjon til Statnett 1. juli 2022. Dei overdratte stasjonsanlegga vert kalla Fonndøla transformatorstasjon, og vil gje fleire strategiske, operative og finansielle fordelar.

Covid-19 viruset
Den 12. mars 2020 vart store deler av samfunnet stengt ned, og tiltaka for å bremse spreiinga av Covid-19 viruset vart vidareført gjennom heile 2020. For Sognekraftkonsernet har ikkje Covid-19 viruset isolert sett ført til betydelege direkte tap, men det vart innført sterke smitteverntiltak og arbeidsprosessar er omorganisert. Det har vore krevjande arbeidsforhold for alle tilsette enten med heimekontor, store byggjeprosjekt i nett og produksjon samt inndeling i mindre team for å ivareta beredskapen for samfunnskritiske funksjonar.

Økonomisk resultat

Konsernet sine driftsinntekter vart på 398 mNOK i 2020. Dette er 238 mNOK mindre enn for 2019. Reduksjonen kjem i hovudsak som følgje av eit fall i inntektene frå energisal på 291 mNOK. Inntekter frå kraftoverføring og frå telekom auka 4

Sognekraft

mNOK og med 10 mNOK. Vidare auka andre driftsinntekter frå 50 mNOK til 90 mNOK i 2020, i hovudsak grunna gevinst frå sal av aksjane i Leikanger Kraft AS.



Inntektsbortfallet frå energisal er i hovudsak ein følgje av at hydrologisk overskot, og følgjeleg høg kraftproduksjon i Norge saman med redusert utvekslingskapasitet både mot Sverige og Danmark, førte til svært låge kraftprisar i 2020. Sjå omtale av kraftproduksjon og kraftsal for meir informasjon om pris- og volumutvikling. Finansiell handel har kompensert for noko av bortfallet frå reduserte kraftprisar.

Konsernet sitt driftsresultat for 2020 vart på 120 mNOK, mot 175 mNOK i 2019. Driftsresultatet fordeler seg med 9 mNOK innan kraftproduksjon, 34 mNOK innan nettverksemda, 11 mNOK i kraftsal til sluttbrukarar og 15 mNOK innan fiber/ telekom og 51 innafor anna verksemd.

Konsernet sine finansinntekter vart 13 mNOK i 2020, mot 23 mNOK i 2019. Inntekter frå utbytte går ned med 18 mNOK, då utbytte i 2019 inkluderte eit ekstaordinært utbytte. På den andre sida aukar renteinntekter med 17 mNOK, i hovudsak for tilknytta selskap. Resultatandelen frå tilknytta selskap gav eit negativt bidrag på 8 mNOK, på grunn av at låge kraftprisar medførte underskot i tilknytta selskap.

Finanskostnadene vart på 46 mNOK i 2020, ein auke på 3 mNOK frå 2019. Brutto rentekostnader gjekk ned frå 52 mNOK i 2019 til 43 mNOK i 2020. Gjennomsnittleg lånegjeld auka frå 2019 til 2020, men reduksjonen i rentekostnader kjem frå lågare rentenivå. Det vart aktivert byggjerenter for 4 mNOK i investeringsprosjekt i 2020, mot 18 mNOK i 2019. Netto finanskostnader for konsernet vart på 32 mNOK i 2020 og 20 mNOK i 2019.

Skattekostnaden for 2020 vart på 6 mNOK, mot 62 mNOK i 2019. Dei låge kraftprisane i 2020 medførte eit negativt grunnlag for grunnrenteskatt. Grunnrenteskattekostnaden i 2020 vart såleis negativ med 5 mNOK i 2020, medan kostnaden i 2019 var på 34 mNOK.

Årsresultat etter skatt for konsernet i 2020 vart på 81 mNOK, samanlikna med 94 mNOK i 2019. Dette gav ei eigenkapitalavkastning på 13,1 % i 2020, mot 16,9% i 2019.

Årsresultatet for Sognekraft MOR AS vart på 14,5 mNOK, som er utbytte frå det heileigde dotterselskapet Sognekraft AS.



Kontantstraum og balanse

Netto kontantstraum frå operasjonell aktivitet i 2020 vart på 19 mNOK i 2020. Dette var 84 mNOK mindre enn i 2019. Reduksjonen er i hovudsak ein konsekvens av det ekstreme fallet i kraftprisar frå 2019 til 2020. Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar i 2020 gav eit positivt bidrag på 55 mNOK. Den største investeringsaktiviteten i 2020 var knytt til bygginga av produksjons- og nettanlegg for Leikanger kraftverk. Salet av 50% av aksjane i Leikanger Kraft AS tilførte betydeleg likviditet i juni 2020.

Det er ikkje tatt opp ny langsiktig gjeld i 2020. Etter utbetaling av utbytte på 26 mNOK til eigarane, vart netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar negativ med 26 mNOK. Netto endring i kontantar og bankinnskot vart etter dette på 49 mNOK.



Totalbalansen ved utgangen av 2020 var på 2.230 mNOK, som på same nivå som ved utgangen av 2019. Den bokførte eigenkapitalen auka frå 587 mNOK (26,2%) pr 31.12.2019 til 653 mNOK (29,3%) pr 31.12.2020. Med bakgrunn i framleis høg byggeaktivitet og tilsvarande gjeldsgrad, er det vurdert at bankfinansiering framleis er mest forutsigbart og hensiktsmessig for konsernet i ein fase med press på nøkkeltall som påvirkar kredittmarginane. Konsernet si renteberande langsiktige gjeld utgjorde 1.400 mNOK, ved utgangen av 2020, same sum som ved utgangen av 2019. Syndikatlånet med Danke Bank, DNB og Sparebanken Vest vart i 2019 forlenga til 2023, og vert i 2021 overført frå Sognekraft AS til Sognekraft MOR AS. Frie likvide midlar utgjorde 97 mNOK og unytta lånerammer utgjorde 370 mNOK.

Disponeringar

Årsresultatet i Sognekraft MOR AS var på 14,5 mNOK i 2020. Selskapet sin frie eigenkapital før avsetjing til utbytte er 483 mNOK. Sognekraftkonsernet sin utbyttepolitikk under utbyggingsperioden har lagt til grunn at det kan betalast ut inntil 30% av overskotet frå drift i utbytte. I tillegg er det

avgrensingar i låneavtale knytt til eigenkapitaldel, likvide midlar og unytta kredittar. Desse vilkåra er tilfredsstilt på tidspunktet for styrets framlegg til disponering. Ut frå ei samla vurdering av resultatet som er oppnådd frå drifta av Sognekraft AS har styret i Sognekraft AS tilrådd at det vert utbetalt eit utbytte på 14,5 mNOK til Sognekraft MOR AS, som i si heilheit vert tilrådd utbetalt til eigarane i morselskapet.

Styret føresler at årsresultatet vert disponert slik (TNOK):

Disponering av årets resultat	Sognekraft MOR AS
Avsett til utbytte	14 508 532 NOK
Sum disponert	14 508 532 NOK

Fortsatt drift
I samsvar med rekneskapslova §3-3a, stadfestar styret at årsrekneskapen er avlagt under føresetnad om fortsatt drift og at årsrekneskapen er avlagt under denne føresetnaden.

Konsernet si verksemd

Forretningsområde kraftproduksjon

Prisar, produksjon og forbruk
2020 var eit uvanleg år på mange måtar, også for kraftsystemet. Det var meir nedbør og tilsig enn normalt, historisk fulle vassmagasin, produksjonsrekord, meir nettoeksport enn nokon gong og rekordlåg kraftpris.

Mykje nedbør mot slutten av 2019 og starten av 2020 resulterte i store snømengder i fjellområda i heile landet. Med rekordmykje snø i fjellet som smelta gjennom sommaren, vart dei norske vassmagasina fulle. Dette bidrog til svært låge kraftprisar gjennom sommaren og utover hausten.

Ved starten av året låg fyllingsgraden i Norge like under medianen. Som resultat av eit nedbørsrikt år steig magasinfyllinga over historisk målte verdiar og nådde 95,7 % i slutten av november. Ved utgangen av året låg fyllingsgraden på 82,3 %, like over tidlegare maksimalverdi. Året starta med ein hydrologisk balanse i Norge på + 3,5 TWh og ved utgangen av året var den hydrologiske balansen på + 17,1 TWh.

Det vart produsert 154,2 TWh kraft i Norge i 2020, som er rekordhøg årsproduksjonen. Det var 19,6 TWh høgare enn 2019, som hadde 134,6 TWh i årsproduksjon. Norsk forbruk var på 133,7 TWh, 1,1 TWh lågare enn 2019. Høg kraftproduksjon bidrog til nettoeksport av kraft i 49 av 53 veker, og ein nettoeksport på 20,5 TWh i 2020. Aldri før har nettoeksport av kraft vore så høg i eit år.

Vindkraftproduksjonen auka i alle nordiske land i 2020 samanlikna med 2019. Dei nordiske landa produserte til saman 59,3 TWh vindkraft i 2020, der Sverige stod for nesten halvparten av produksjonsmengda. Hovudårsaka til auka produksjon er meir installert vindkraftkapasitet som følgje av utbygging av nye vindkraftverk. I løpet av 2020 vart det i Norge sett i drift vindkraft med ein kapasitet på 1.405 MW. Det vart produsert om lag 9,9 TWh vindkraft i Norge i 2020, auke på 79 % frå 2019. Vindkraft utgjorde 6,4 % av total kraftproduksjon i Norge i 2020.

Den gjennomsnittlege norske kraftprisen i 2020 vart 11,6 øre/kWh, den lågaste årsprisen nokon gong. Den norske vekeprisen er under 5 øre/kWh i fleire veker på rad om sommaren og det var negative timeprisar for første gong. Den gjennomsnittlege kraftprisen i området Sognekraftkonsernet i hovudsak tilhøyrer, NO5 Vest-Norge, var på 9,7 øre/kWh. Til samanlikning var prisen i 2019 på 38,7 øre/kWh. Juni hadde lågast pris i 2020 med 1,5 øre/kWh. Høgast pris i januar var 24,4 øre/kWh.

Produksjon
Sognekraftkonsernet eig Årøy kraftverk i Sogndal og er medeigar i Statkraft Vikfalli med 12 %, Svelgen Kraft Holding AS med 10 % og Leikanger Kraftverk med 50 %. Dyrnesli kraftverk i Vadheim Kraft AS er 100 % eigd av konsernet. Konsernet eig også 50 % av aksjane Nydalselva Kraft konsernet som består av Nydalselva kraftverk, Helgheim kraftverk og Indrebø kraftverk i

Sognekraft

Sunnfjord kommune, Steinsvik kraftverk i Volda kommune samt Timbra kraftverk og 51,2 % i Sandal & Fossheim kraftverk i Gloppen kommune. Fyllingsgraden i vassmagasin der konsernet har eigardeler var 76 % ved utgangen av året, mot 64 % ved inngangen til året. Produksjonen i 2020 var på 695,1 GWh, som er fordelt slik:

	Totalt inst. effekt	Konsernet sin andel årsproduksjon i GWh		
Kraftverk	**MW**	**Middel**	**2020**	**2019**
Årøy	94	349	394,1	337,3
Vikfalli (12%)*	21	106	85,2	87,2
Dyrnesli (100%)	7,0	49	56,3	49,7
Svelgen (10%)	124	69	79,1	62,1
Nydalselva (50%)	22,8	36	38,5	29,6
Leikanger (50%)**	77,0	104	41,9	-
SUM	**345,8**	**713**	**695,1**	**565,9**

*Medeigarandel i Statkraft Vikfalli, Sognekraft disponerer 12%
**Leikanger kraftverk produserte kun med vatn frå Grindsdalen i 2020. Full produksjonskapasitet vert oppnådd i 2021.

Drift og vedlikehald
Dotterselskapet Sognekraft AS har ansvar for drift og vedlikehald av Årøy kraftverk og Dyrnesli kraftverk som er eigd gjennom dotterselskapet Vadheim Kraft AS.

Gjennom heile 2020 har vedlikehaldsgruppa i Årøy lagt ned mykje arbeid i samband med drift og vedlikehald av 6 småkraftverk langs Fjærlandsfjorden etter langsiktig avtale med Fjærland Kraft AS som er eigd av Clemens Kraftverk AS. Dette gjeld kraftverka Jordal, Hatlestad, Berge, Bjåstad, Lidal og Romøyri. Sognekraft AS har også det administrative ansvaret for drift av selskapet Fjærland Kraft AS. For Nydalselva Kraft konsernet, der konsernet eig 50 %, har Sognekraft AS det administrative ansvaret, samt for drift, vedlikehald av kraftverka Nydalselva, Indrebø, Helgheim, Timbra, Sandal & Fossheim og Steinsvik.

I 2020 vart Leikanger kraftverk sett i drift med aktiv deltaking frå eigne ressursar for å bygge kompetanse i samband med installasjon av det elektro/mekaniske utstyret. Sognekraft AS har ansvar for drift og vedlikehald av kraftverket samt det administrative ansvaret for det 50% eigde selskapet Leikanger Kraft AS.

Energi frå Sognefjorden
Sognekraftkonsernet produserer fjordenergi til varme og kjøling til bygningsmasse i Sogndal. Anlegget er delvis finansiert med tilskot frå Enova og det er lagt til rette for utviding av anlegget etter kvart som ny bygningsmasse kjem til. I 2020 vart Fosshagen barnehage kopla til. Det vart også inngått avtale med Sognahallen AS for tilknyting av den nye fleirbrukshallen på Fosshaugane, som skal koplast til i 2021. Det er også inngått avtale med Lerum Brygge AS som skal koplast til i 2022.

Ny vasskraft
Utvikling av ny vasskraftproduksjon er viktigaste satsing for å oppnå langsiktig verdiskaping i Sognekraftkonsernet. Dei siste 15 åra er det lagt ned mykje arbeid for å sikre konsernet fallrettar og utvikle nye vasskraftprosjekt fram mot konsesjon. Elsertifikatmarknaden vart etablert i 2012. Det har tilført kraftproduksjon ekstrainntekter og betrar lønsemda 15 år etter oppstart. For å bli inkludert i ordninga må produksjonen starte opp i løpet av 2021. Stor investeringsvilje i ny fornybar kraftproduksjon har ført til låge prisar på elsertifikat etter 2020. Avgjerd om investering vert fatta når endeleg vurdering av lønsemd er utført med konsesjonsvilkår, oppdaterte investeringskalkyler og finansiering. Det vert arbeidd med tradisjonelle og ikkje tradisjonelle løysingar for finansiering og prissikring, frå obligasjons- og sertifikatlån til bygging med sal og opsjon på tilbakekjøp.

Clemens Kraftverk AS eig, gjennom selskapet Fjærland Kraft AS, seks småkraftverk langs Fjærlandsfjorden. Kraftverka vart bygde med Sognekraft som byggherre, og skal etter 60 år leverast tilbake til Sognekraft.

I juni 2019 mottok dotterselskapet Sognekraft AS stemning frå ESPF/ KGAL med krav om erstatning knytt til påstått urettmessig heving av tidlegare avtale om sal av selskapet Fjærland Kraft AS. Avtalen vart heva 1. oktober 2018, etter at siste frist for gjennomføring av salet var passert. Rettssak vart gjennomført i februar 2020, og Sognekraft AS vann på alle punkt i rettssaka,

inkludert dekking av sakskostnader. ESPF/ KGAL har anka saka inn for Borgarting Lagmannsrett, men Sognekraft vurderer det som lite sannsynleg at anken fører fram.

Gjennom heile 2020 har det vore stor aktivitet i samband med bygging av Leikanger kraftverk, som vil gi 208 GWh i ny vasskraftproduksjon. Kraftverket vart sett i drift våren 2020 med vatn frå det eine dalføret, Grindsdalen. Produksjonen var på 83,7 GWh i 2020, som er høgare enn forventa. Overføringa gjennom tunnel frå Henjadalen vart ferdigstilt i mars 2021. I 2020 vart Lundin Energy Renewables Holding BV 50 % medeigar av selskapet Leikanger Kraft AS.

I Kuvelda Kraft AS eig Sognekraft 49 % av aksjane saman med Okken Kraft AS. Kuvelda Kraft AS eig Tynjadalen og Fosseteigen kraftverka i Lærdal kommune. Det er inngått falleigeavtalar med grunneigarane, gjort investeringsvedtak, utført prosjektering og anbodsrundar og starta bygging i 2020. Kraftverka har ein samla forventa produksjon på 37 GWh og skal setjast i drift i 2021. Det er utført prosjektering av Mundalselvi og gjennomført rasvurderingar og andre risikovurderingar for å finna den mest optimale utbygginga. Hausten 2020 vart det halde entreprenørsynfaringar og det er sendt ut tilbodskonkurransar på bygging av kraftverket. Målsetjinga er å starta bygging våren 2021.

Sognekraftkonsernet har også planar om bygging av nye kraftstasjonar med større slukeevne og effektinstallasjon til erstatning for gamle kraftverk. Til erstatning for Dyrnesli kraftverk i Vadheim, som i dag har ein installert effekt på 6,7 MW, er det under utvikling eit nytt kraftverk med vassveg i fjell og ein installert effekt på 9,5 MW. Det er også planar om bygging av ny stasjon i Årøy på 9,5 MW som skal erstatte det gamle kraftverket på 3,8 MW som vart bygd i 1943.

Sognekraft klaga på Statnett sitt avslag på nett-tilknyting for Offerdal kraftverk. Etter lang sakshandsaming fekk Sognekraft medhald i 2020 frå RME (Reguleringsmyndigheten for energi) i klagen om at Statnett har brote tilknytingsplikta. Offerdal kraftverk fekk difor òg utvida overgangsregelen for anleggsbidrag med 1 år, til 1.juli 2023. I dialog med Statnett er det kome fram informasjon om at Fortun transformatorstasjon må oppgraderast før tilknyting. Tidlegaste tilknytingstidspunkt er i 2025.

I statsbudsjettet for 2020 vedtok Stortinget å redusera grunnrenteskatten for nye kraftverk. Det styrkar økonomien for Feios og Offerdal kraftverk. Feios kraftverk har lege på vent i 2020. Det er ikkje gjort nye vurderingar om nettløysing.

Økonomisk resultat

Beløp i 1000kr	2020	2019
Driftsinntekter	173 910	470 356
Energikjøp	87 462	289 106
Sentralnettsavgifter	7 562	8 255
Anna varekostnad	144	2 965
Løns- og personalkostnad	13 576	13 343
Ordinære avskrivingar	12 134	12 012
Øvrige driftskostnader	44 177	35 587
Driftsresultat	**8 854**	**109 088**

Kraftverk	Kommune	GWh	Status	Eigarar
Feios	Vik	95	Konsesjon gitt	Sognekraft 70 %, BKK 20 %, Veidekke 10 %
Offerdal	Årdal	99	Konsesjon gitt	Sognekraft 80 %, Årdal Energi 10 %, Veidekke 10 %
Kråkeelvi	Sogndal	18	Konsesjon gitt	Sognekraft 100 %
Fardalselvi	Sogndal	8	Konsesjon gitt	Sognekraft 100 %

Sognekraft



	Namn	Direkte/ indirekte eigardel	Brutto produksjon
1.	Årøy	349 GWh	349 GWh
2.	Vikfalli	108 GWh	900 GWh
3.	Sandal & Fossheim	2,6 GWh	10,3 GWh
4.	Timbra	4,5 GWh	9 GWh
5.	Nydalselva	9 GWh	18 GWh
6.	Indrebø	1,4 GWh	2,8 GWh
7.	Helgheim	4 GWh	8 GWh
8.	Hatlestad	Eigd av Fjærland Kraft AS	30 GWh
9.	Jordal	Eigd av Fjærland Kraft AS	24 GWh
10.	Romøyri	Eigd av Fjærland Kraft AS	26 GWh
11.	Lidal	Eigd av Fjærland Kraft AS	22 GWh
12.	Berge	Eigd av Fjærland Kraft AS	19 GWh
13.	Bjåstad	Eigd av Fjærland Kraft AS	16 GWh
14.	Mundalselvi	Ikkje utbygd	12 GWh
15.	Dyrnesli	49 GWh	49 GWh
16.	Kråkeelvi	Ikkje utbygd	14 GWh
17.	Svelgen	69 GWh	695 GWh
18.	Leikanger	104 GWh	208 GWh
19.	Fardalselvi	Ikkje utbygd	10 GWh
20.	Feios	Ikkje utbygd, 65 GWh	94 GWh
21.	Steinsvik	15 GWh	28 GWh
22.	Offerdal	75 GWh	95 GWh
23.	Tynjadalen	10,5 GWh	21,4 GWh
24.	Fosseteigen	7,8 GWh	15,9 GWh

Forretningsområdet nett

Forretningsområdet Nett har ansvar for utbygging, drift og vedlikehald av Sognekraft sitt regionale (66 kV, 132 kV) og lokale (0,23 kV – 22 kV) distribusjonsnett. Konsernet har levert straum til om lag 9700 målepunkt i Sogn, frå Manheller i aust til Ortnevik i vest. Lengda på nettet er på 1890 km fordelt på ulike spenningsnivå. Trass noko redusert forbruk, som følgje av korona-pandemien, var forbruket i konsesjonsområdet 271 GWh i 2020. Det er om lag på nivå med forbruket i 2019 og 9,5 % høgare enn historisk gjennomsnitt (2010-2015).

Framtidsretta nett med betra forsyningssikkerheit
Sognekraftkonsernet nyttar aktivt moglegheitene ny kraftproduksjon gir til å fornye og forsterke straumnettet og dermed styrke forsyningssikkerheit og driftsstabilitet til fordel for alle nettkundar i Sogn. Det er totalt ferdigstilt investeringar i ny nettinfrastruktur for 100 mNOK i 2020, av dette 48 mNOK i regionalnettet og 52 mNOK i distribusjonsnettet. Dei største enkeltprosjekta i regionalnettet som har pågått i 2020 er tilknytinga av Leikanger kraftverk (28 mNOK investert i 2020) og bygging av Kaupanger transformatorstasjon (33 mNOK investert i 2020). I distribusjonsnettet er det største enkeltprosjektet ny koplingsstasjon og ny 22 kV kraftlinje mellom Nessane og Lånefjorden, som vart bygd i samband med tilknyting av Nessane kraftverk (10 mNOK investert i 2020). I dette prosjektet har Sognekraft bygd ei 7,5 km 22 kV kraftlinje i eigen regi med ny kjerneboringsteknologi og enkle kompositmaster. Teknologisk løysing bidrog til auka forsyningssikkerheit, vesentleg reduksjon av HMS-risiko for eigne energimontørar i byggeperioden og svært lågt fotavtrykk og miljøbelastning for naturen i området.

Lågare nettleige
Energileddet i nettleiga for hushaldningsskundar vart redusert sjølv med store investeringar og utbetringar i nettet. Hytteeigarar og små næringskundar vart redusert med 16 - 22 % frå og med 1. oktober 2019. Reduksjonen utgjorde med heilårseffekt i 2020 om lag 10 % av årleg nettleige for gjennomsnittlege hushaldnings- og næringskundar.

Digitalisering av samfunnet
Sognekraftkonsernet har bidrege i Noregs største digitaliserings – og moderniseringsprosjekt. Alle nettkundar i Sognekraft sitt konsesjonsområde har fått montert nye automatiske målarar (AMS). Straummålarane gjev forbrukarane betre informasjon om eige straumforbruk, og nøyaktig avrekning. Straumkundane kan nytte straum på ein meir fleksibel, effektiv og miljøsparande måte. Samstundes bidreg data frå målarane til utforming av ny tariffstruktur, som har ein dempande verknad på framtidige nettinvesteringar og framtidig nettleigenivå.

Digitalisering av samfunnet og forretningsprosessar fører til ei markant auke i datamengder. I dag står IKT-sektoren for over 10 % av straumforbruket. Datasenter eller serverklynger med enorm reknekraft representerer den raskast veksande sektoren. Sognekraft har knytt datasenter til lokalt distribusjonsnett og er i dialog om nettilknyting av større datasentre. Sognekraftkonsernet tilbyr, i kraft av sin robuste nettinfrastruktur med fleire grensesnitt mot transmisjonsnettet, attraktive etableringsvilkår for kraftintensiv industri.

Elektrifisering - auka forbruk og effektbehov
Elektrifisering med fornybar energi er det viktigaste klimatiltaket for å fase ut fossil energi. Elektrifiseringa omfattar sektorar som bygg, transport, industri, oljeverksemd, landbruk og fiske, som opplever aukande grad av elektrisitet som naturleg energiberar. Nettselskapa i Norge er svært viktige bidragsytarar til elektrifiseringa av samfunnet med å oppgradere nettkapasitetar i ulike nettkomponentar som kraftlinjer, kablar, transformatorar og koplingsanlegg.

I Sogn bidreg Sognekraftkonsernet til elektrifiseringa av settefiskanlegg og ferjesambanda Hella-Dragsvik-Vangsnes og Manheller-Fodnes, med høg forsyningssikkerheit av ladestraum på kaianlegg. Det blir lagt til rette for elektrifisering av luftfart og tungtransport, ved å auke i transformeringskapasitet i eige regionalt distribusjonsnett gjennom bygg av nye Kaupanger transformatorstasjon. Konsernet har forsterka og bygd nettanlegg knytt til 11 nye vasskraftverk dei siste fire åra, og slik bidrege til både det grøne skifte og elektrifiseringa av samfunnet.



Sognekraft

Sognekraftkonsernet reduserer eige energiforbruk når fossile bilar i bilparken blir skifta ut til fordel for elbilar, der det er mogeleg. Konsernet har bidrege med bygging av hurtigladestasjonar i Sogndal, Fjærland, Leikanger og Vik. I tillegg har Sognekraft montert på eigne kontor moderne infrastruktur for hurtiglading av konsernet og tilsette sine elbilar.

Framtidsretta nettstyring
Sognekraftkonsernet skal framover modernisere og digitalisere drift og styring av straumnettet. Det er teke i bruk banebrytande LoRaWan-teknologi til kostnadseffektiv overvaking og styring av nettstasjonar i straumnettet. Eit moderne og godt utbygd fibernett til viktige styringspunkt, brytarar og transformatorstasjonar i straumnettet, vil saman med tilgang på viktige måle- og sensordata gje konsernet grunnlag for automatisering og forbetring av nettstyringsprosessar og forsyningssikkerheit.

Sygnir – regionalt samarbeid med fordelar for eigarar, nettkundar og regionen Sogn
Nettverksemdene Aurland Energi Nett, Lærdal Energi Nett og Sognekraft har vedteke å samarbeide gjennom eit felles nettselskap Sygnir. Sygnir vil bli ei tydeleg drivkraft i regionen med om lag 80 tilsette. Verksemda er desentralisert med tilsette i Balestrand, Vik, Sogndal, Lærdal og Aurland. Sygnir vil bidra med stor lokal verdiskaping for eigarar, regionalt næringsliv og konkurransedyktig nettleiga til nettkundane.

Forsyningssikkerheit
Sikker straumforsyning er ei viktig samfunnsoppgåve i eit velfungerande samfunn. Sognekraftkonsernet har ein beredskapsorganisasjon som er operativ 24 timar i døgnet. Det er etablert nye sterke forsyningspunkt og transformatorstasjonar i Sogndal/Hagafjellet, Grindsdalen og Lidal. Sognekraftkonsernet vil dei komande åra forsterka ytterlegare forsyningssikkerheita gjennom oppgraderingar og fornyingar av viktig nettinfrastruktur. Bygginga av ny transformatorstasjon på Kaupanger er i full gang. Den vert sett i drift sommar 2021 med redundant transformeringskapasitet, omkoplbar transformator, som kan driftast på 132 kV og 66 kV spenningsnivå og doble samleskinner, og brytaranlegg i form av eit moderne gassisolert anlegg (BlueGIS). Stasjonen vil ha svært lang levetid, lågare driftskostnadar og betre forsyningssikkerheit. I dei komande åra vil Sygnir investere i ny liknande transformatorstasjon på Kvåle i Sogndal. Sognekraft har kjøpt den regionale delen av Leirdøla transformatorstasjon frå Statnett. Overdraginga vil skje sommar 2022. I denne samanheng planlegg dotterselskapet Sygnir ombygging og opprusting av stasjonsanlegga, der på sikt to separate transformatorstasjonar med doble brytaranlegg sikrar forsyningssikkerheita i regionen.

Konsernet har utført omfattande skogrydding for å betre forsyningssikkerheita. Det har vore prioritert å sikra dei viktigaste kraftlinjene, der dei kryssar plantefelt av grantre, og kraftlinjer som er vanskeleg tilgjengelege i vinterhalvåret. I tillegg er fleire kilometer med luftnett skifta ut med kabel, der dette er økonomisk og driftsmessig fornuftig. Innsatsen har betalt seg. Det er nesten ingen straumbrot der trefall på linje er årsak - og under utfordrande vêrforhold. NVE/ RMEs (Reguleringsmyndigheten for energi) avbrotsstatistikk frå 2012-2020 viser jamt over betra forsyningssikkerheit for Sognekraft (sjå figur 1). I 2020 leverer Sognekraftkonsernet betre forsyningssikkerheit enn eit gjennomsnittleg nettselskap i Noreg (sjå tabellane nedanfor) – spesielt for avbrot under tre minutt. Sognekraft har potensielt noko forbetringspotensiale på reduksjon av gjenopprettingstid etter avbrot, men samstundes er denne prega av låg kundetettleik i forhold til utstrekninga av straumnettet.

Kortvarige avbrot, under 3 minutt i 2020

	SAIFI [avbrot/ kunde]	CAIFI [avbrot/ påverka kunde]	SAIDI [min/kunde]	CAIDI [min/ avbrot]	CTAIDI [min/påverka kunde]
Sognekraft	0,91	2,43	0,84	0,93	2,25
Gj.snittleg nettselskap	1,82	4,48	1,37	0,75	3,37
Samanlikning	-50 %	-46 %	-39 %	24 %	-33 %

Langvarige avbrot, over 3 minutt i 2020

	SAIFI [avbrot/ kunde]	CAIFI [avbrot/ påverka kunde]	SAIDI [min/kunde]	CAIDI [min/ avbrot]	CTAIDI [min/påverka kunde]
Sognekraft	1,59	2,27	134,64	84,42	191,85
Gj.snittleg nettselskap	2,00	3,48	133,51	66,76	232,21
Samanlikning	-21 %	-35 %	1 %	26 %	-17 %



Figur1: Leveringspålitelegheit – viser mengde levert energi i forhold til sum av (levert og ikkje-levert) energi.

Økonomisk resultat

Beløp i 1000 kr	2020	2019
Driftsinntekter	106 786	104 148
Energikjøp	1 446	8 351
Sentralnettsavgifter	15 936	16 776
Anna varekostnad	127	237
Løns- og personalkostnad	7 044	10 273
Ordinære avskrivingar	14 074	12 061
Øvrige driftskostnader	34 002	33 720
Driftsresultat	34 157	22 730

Sognekraft

Forretningsområde Sal til sluttkundar

I privatmarknaden har Sognekraftkonsernet vore ein regional leverandør av kraft til sluttkundar. Marknadsdelen i eige område er relativt høg. I bedriftsmarknaden har konsernet valt å gå breitt ut og har selt, i tillegg til heimemarknaden, kraft til større bedrifter og offentlege einingar over heile landet. Det er etablert eit samarbeid med World Kinect Energy Services for å tilby større bedrifter aktiv forvaltning og ulike sikringsprodukt. Samarbeidet har vore vellykka, både innan omsetnad og lønsemd.

I sluttkundemarknaden er det sterk konkurranse og mange tilbydarar. Marginane er små og volum er derfor viktig. Prisane i sluttkundemarknaden vert påverka av prisane på kraftbørsen Nord Pool, elsertifikatprisane og konkurransesituasjonen.

For å redusera risikoen til eit minimum, har Sognekraft alltid sikra innkjøpspris der ein har kontraktar med garanti på fastpris. Auka del spotpris-kontraktar dempar prisrisikoen. Kredittrisikoen er liten, då auka volum i bedriftsmarknaden for det meste kjem frå store veletablerte selskap og offentleg sektor. I samband med Covid 19-pandemien førebudde Sognekraftkonsernet seg på auka tap, men dei særs låge prisane i 2020 var truleg til god hjelp. Det har ikkje vore auke i tap.

Endring i rammevilkår
Rammevilkåra til kraftleverandørane er under endring. Automatiske straummålarar (AMS) og Elhuben, som vart satt i drift februar 2019, har opna for nye forretningsmodellar og lågare terskel for nykommarar på marknaden. I tillegg er det færre etableringsbarrierar og marknaden opnar for nye forretningsmodellar. Kundane får nye vanar og forventningar. Aktørane i kraftbransjen vil få endra rolle og ny aktørar vil truleg kome til.

Sognekraftkonsenet har vore budd på omstilling i marknaden. Endringane skjer i stadig raskare tempo. Konsernet sitt mål er å vere synleg og føretrekt leverandør for privatkundar og næringsliv i Sogn, og eit konkurransedyktig alternativ for stort næringsliv og offentleg forvaltning over heile landet. Dette målet vart oppretthalde etter at straumsalsverksemda går inn i eit nytt energiselskap saman med straumsalselskapa SFE Kraft, Tussa 24 og Tafjord Marked. Sognekraft MOR AS går inn på eigarsida i det nye selskapet, som skal ha desentral struktur med kontoradresse og arbeidsplassar ved hovudkontoret til Sognekraftkonsernet i Vik.

Økonomisk resultat

Beløp i 1000 kr	2020	2019
Driftsinntekter	107 399	324 565
Energikjøp	86 431	296 735
Anna varekostnad	5 657	15 350
Øvrige driftskostnadar	4 494	5 810
Driftsresultat	**10 817**	**6 670**

Fiber og breiband
I fleire år har Sognekraftkonsernet investert i fiberinfrastruktur. Dotterselskapet Sognenett disponerer fiberkapasiteten gjennom leigeavtalar og skapar meirverdi gjennom kommersiell verksemd av fiberen. Sognekraft har i 2020 lagt ned fiber i fleire område der ein mellom anna har prioritert fortetting i eksisterande nett, samt vidare utbygging av sentrumskjernar. Fiberkapasitet er etterspurt og stabilt raskt internett er høgt verdsett og etterspurt. Tal aktive breibandkundar har auka med 11 % gjennom 2020 til 7760 kundar, som er same auke som i 2019.

Beløp i 1000kr	2020	2019
Driftsinntekter	59 287	49 558
Anna varekostnad	10 409	8 082
Løns- og personalkostnad	12 244	11 585
Ordinære avskrivingar	11 506	9 573
Øvrige driftskostnader	10 060	8 532
Driftsresultat	**15 068**	**11 786**

Økonomisk resultat øvrige område
Driftsresultat frå øvrige område utgjer 51 mNOK i 2020. Dette er i hovudsak gevinst frå salet av 50% av aksjane i Leikanger Kraft AS.

Samfunnsansvar

Sognekraftkonsernet er ei drivkraft i Sogn. Det betyr at konsernet sin aktivitet skal bidra positivt og med positive ringverknader i regionen. Sognekraft set krefter i sving!

Verdiar
Kulturen i konsernet vert kjenneteikna av samfunnsansvar og nøkterne val. Sognekraft ønskjer å bli oppfatta som ein påliteleg og seriøs aktør. Kjerneverdiane skal vere styrande for alle handlingar. Desse er tryggleik, trivsel, påliteleg og nyskapande.

Forsking og utvikling
Nye og smarte løysingar gjennom eiga utvikling eller i samarbeid med andre vert prioritert i Sognekraft. Konsernet deltek i Energi Norge sine fellesfinansierte forskings- og utviklingsprosjekt og eit FoU-prosjekt i regi av REN «Elektrifisering av transportsektoren». I november 2020 starta Sognekraftkonsernet saman med Heimdall Power eit 3-årig forskingsprosjekt som inngår i RMEs FoU-ordning. Heimdalls Power sine intelligente sensorar skal overvake tilstanden i Sognekraft sitt 66 kV fjordspenn over Sognefjorden for optimal nettstyring, belasting og forventa restlevetid.

Sognekraftkonsernet deltek i REN-forskingsprosjekt som skal utvikle miljøvenleg erstatning for kreosotstolpar til kraftlinjer. I samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforsking medverkar konsernet til kompetanse på fornybar energi i regionen, og kunnskap om samfunnsmessige vilkår for auke av produksjon og bruk av fornybar energi.

Sognekraftkonsernet har ved fleire høve teke i bruk ny teknologi i utbyggingsfasen av nettanlegg, som kjerneboring i fjell for fundamentering av kompositttmaster. Mastefundamenta vert montert på ein svært miljøvenleg måte som knapt etterlet avtrykk i naturen. Teknologien nytta Sognekraft ved bygging av 132 kV kraftleidning mellom Suppam og Grindsdalen og 7,5 km 22 kV kraftleidningen mellom Nessane og Lånefjorden.

Beredskap
Sognekraft er ein beredskapsorganisasjon med vaktordningar i straumnett, kraftproduksjon og breiband/fiber, som er operative 24 timar i døgeret. Nettverksemda i konsernet har implementert beredskapstiltak som redundante transformeringskapasitetar på viktige forsyningspunkt i nettet, godt utbygd driftsstyring med høg grad av fjernstyring av sentrale brytarar, betra tilstandsovervaking av nettanlegga, plassering av nettanlegga i framkommeleg terreng, utvida ryddegater langs viktige kraftleidningar og 2-sidig innmating der det er mogeleg og økonomisk forsvarleg.

Det er etablert beredskapsavtalar med omkringliggjande og andre bransjeaktørar om utveksling av materiell (REN transformatorberedskapsavtale) og personell ved større kriser som ekstremvêr eller andre større hendingar. Beredskapsplanen er revidert, aktualisert og oppdatert gjennom året 2020. I samband med varsla utbreiing av Covid-19 smitte ved årsskifte blei konsernet sin pandemiplan gjennomgått og oppdatert. Handlingsplanen vart seinare tatt i bruk og tilpassa situasjonen. Sognekraftkonsernet er kjent med truslar innan økonomisk kriminalitet og dataangrep mot nettside, som kan føre til at beredskapsorganisasjon vert sett.

Klima og miljøpåverknad
Fornybar energi er viktig for å løyse både globale og lokale klimautfordringar, samstundes som behovet for kapasitet i straumnettet aukar. Sognekraftkonsernet legg stor vekt på å forvalte desse oppgåvene på ein ansvarsfull og framtidsretta måte. Utbygging av kraftproduksjon og bygging av kraftlinjer påverkar naturen og miljøet. Konsernet søkjer difor å ta omsyn til natur og lokalmiljø ved gjennomføring av prosjekt. Sognekraftkonsernet har transportbehov som krev ein bilpark av ein viss storleik. Miljøfaktorar vert vurdert i lag med bruks- og beredskapsmessige eigenskapar ved innkjøp av køyretøy. I 2017 byrja ein omlegging til meir bruk av elektrisitet også i bilparken. Vasskraft og fjordenergi er reine og fornybare ressursar som bidreg til det grøne skiftet, utan utslepp som forureinar det ytre miljø.

Gjennom kjerneverdiar og reguleringsføresegner syter Sognekraftkonsernet for å ta omsyn til naturen i regulerte vassdrag. I planlegging av ny kraftproduksjon er konsernet i dialog med grunneigarar og andre aktørar for å samarbeide om tiltak med felles nytteverdi i tillegg til avbøtande tiltak. Sognekraft produserer og leverer rein og fornybar energi. Konsernet si verksemd innafor vasskraft og nett vert regulert av offentlege konsesjonar og eit omfattande lovverk.

Nett og miljø
Innanfor nettverksemda legg konsernet stor vekt på skåne naturen ved oppføring og drift av nettanlegg. Til dømes byggjer nettverksemda kraftlinjer i eigen regi med ny kjerneboringsteknologi for fundamentering i fjell. Denne teknologiske løysinga gir svært lågt fotavtrykk og miljø-belastning for naturen i området. Nettverksemda har også teke i bruk ny miljøvenleg teknologi i gassisolerte stasjonsanlegg i form av BlueGIS, som er utstyrt med teknisk rein luft som isolasjonsmedium i staden for miljøskadelege gassar. Gassisolerte nettanlegg er elles kompakte og har vesentleg mindre areal-behov samanlikna med luftisolerte stasjonsanlegg.

Vasskraft og miljø
Reguleringsanlegg og kraftstasjonar medfører at naturgitte forhold vert endra, men konsernet si verksemd belastar ikkje natur eller samfunn utover det som er normalt for denne type verksemd. Sognekraftkonsernet gir samtidig eit betydeleg positivt bidrag til miljøet med ein kraftproduksjon der 100% kjem frå fornybare kjelder. Det vert tilbydd opphavsgaranti for 100% rein fornybar kraft levert til både privat- og bedriftskundar.

Regulering av vassdrag kan påverke livsgrunnlaget for fisk.

Sognekraft

For å kompensere for dette er det sett i verk ulike tiltak. I Leikangerprosjektet er det utarbeidd eigen overvakingsplan for Henjaelvi. Her har og førtilstanden vorte kartlagt, og skal fylgjast opp med etterundersøkingar seinare. Ved behov vil det bli etablert tersklar o.l. i elva. Det skal og etablerast rugekassar for fossekall i elva.

Konsesjonsgivar har lovheimel til å endre gjeldande konsesjonsvilkår, blant anna vilkår om minstevassføring og magasinrestriksjonar. Med utgangspunkt i vassforskrifta har Vestland fylkeskommune utarbeidd «Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021» som er godkjent av Klima- og Miljødepartementet. For Sognekraftkonsernet sine vassdrag er det prioriterte tiltaket å styrke fiskebestanden. Det vert forventa at NVE vil setje i gang vilkårsrevisjonar som ein konsekvens av planen, men det er førebels vanskeleg å vurdere konkret kva det vil medføre. Vestland fylkeskommune er i gang med arbeidet med å rullere regional plan for vassforvaltning for neste periode.

Det er ikkje registrert brot på manøvreringsreglementet, eller negative miljøhendingar som følgje av vasskraftproduksjonen. Utbygging av Årøy kraftverk har medført vesentleg reduserte flaumvasstandar sidan ein har fått auka overføringskapasiteten frå Veitastrondvatnet til Hafslovatnet. Dette vil saman med køyring av Årøy kraftverk redusere flaumtoppane i periodar med store tilsig. For første gang på denne årstida fekk ein flaum i Årøyvassdraget i slutten av juni månad, noko som førte til ein vasstand på Veitastrondvatnet godt over Høgste Regulerte Vasstand (HRV). Dette medførte flaumskadar på nokre bygningar. Flaumen skuldast store snømengder i fjellet, sein snøsmelting og ein periode med høge temperaturar. Dei siste flaumperiodane før siste års flaum er registrert hausten 2014 og hausten 2018. Det er ingen tvil om at flaumperiodane kjem hyppigare og skuldast truleg klimaendringar.

Omdømme

Kraftbransjen sitt omdømme svingar og gjerne med straumprisane. Når straumprisane er høge dett bransjen sitt omdømme, og når straumprisane er låge vert omdømme betre. Då prisane sank til eit rekordlågt nivå i 2020 skulle ein tru at omdømmeskåren til bransjen vart rekord høg, men frå 2019 har Forbrukerrådet satt ekstra fokus på straumbransjen og vore svært kritiske. Media legg vekt på at bransjen held på med «lureri» og «vanskeleg-gjering» av straummarknaden, som har svekka omdøme.

Sognekraftkonsernet gjennomfører regelmessig kundeundersøkingar og følgjer opp kundane sine tilbakemeldingar. Sognekraft sine resultat har vore betre enn bransjen. Siste kundeundersøking synte særs høg skår på tilfredsheit og lojalitet, samt eit omdømeresultat som ligg godt over bransjegjennomsnittet. Konsernet har arbeidd målretta med kundekontakt og kommunikasjon, profil og merkevarebygging. Innsatsen har gitt betre resultat på alle område.

Ekstreme vêrsituasjonar dei seinare åra har gitt Sognekraftkonsernet moglegheit til å vise kva vi jobbar med. Kundane sine tilbakemeldingar tyder at konsernet har handsama utfordringane på ein god måte. Informasjonsbehovet er stort når ekstraordinære hendingar får verknad for kundane. Eit straumbrot er dyrt for nettselskapet, ikkje berre i kroner og øre, men og i tapt kundetilfredsheit. Undersøkingar utført av Kantar TNS viser at kundane si tilfredsheit med eige nettselskap fell med 11 poeng i det augneblink straumbrot oppstår. Om kundane ikkje får den informasjonen dei treng under brot, fell tilfredsheita med ytterlegare sju poeng. Førebyggjande arbeid for å hindre straumbrot, samt gode beredskaps- og informasjonsrutinar under brot, gjev god avkastning i kroner, nøgde kundar og styrka omdøme.

Sosiale medium er effektive informasjonskanalar ved krisehandsaming og omdømmebygging. Konsernet brukar Facebook, heimesidene og Instagram som informasjonskanalar ved omtale av daglegdagse oppgåver og i meir krevjande situasjonar med større straumutfall. Ved større utfall informerer vi direkte gjennom media. Kundar kan få direktevarsling på SMS.

Arbeidsmiljø og personale

Ved utgangen av 2020 var det 118 tilsette i Sognekraftkonsernet, der seks av desse er lærlingar. Tal tilsette er stabilt. I 2020 vart det i hovudsak tilsett lærlingar. Etablering av Sygnir samt fusjon med Lærdal Energi Nett og Aurland Energi Nett har ført at tilsetjingar er utsett til ny organisasjon er avklart.

Konsernet Sognekraft skal vere ein attraktiv arbeidsplass for tilsette og nye arbeidstakarar. Tilsette vidareutviklar seg og nyttar teknologiskiftet og digitalisering til forbetring og løysing av nye oppgåver. Sognekraftkonsernet tilbyr kompetansearbeidsplassar frå fagarbeidar til leiarnivå. Konsernet har lærlingplassar innan el-fag, og i 2020 også innan sal og marknadsføring. Det er etablert samarbeid med ungdomsskular og vidaregåande skular om utplassering og informasjon om yrkesval. Denne aktiviteten har blitt tilpassa smittevernrestriksjonane i 2020. Tal sommarjobbar vart difor betydeleg redusert sommaren 2020.

Kraftbransjen leverer fornybar energi og bidreg til at andre finn berekraftige løysingar. Det gir positiv merksemd frå ungdom som skal velje framtidig yrke. Ein har kontakt med utdanningsinstitusjonar for å synleggjere selskapet, fortelje om spennande arbeidsplassar og vise til innovative løysingar. Før pandemien starta deltok Sognekraftkonsernet på Framtidsfylket sine karrieremesser for å fortelje om konsernet og bransjen, og bedriftspresentasjon på elkraftlinja ved Høgskulen på Vestlandet. Samarbeidet med Ungt Entreprenørskap held fram i ungdomsskular og vidaregåande skule, der lærer elevane om energibruk og berekraftige energiløysingar. Ny læreplan i skulen opnar opp for auka samarbeid med energibransjen.

Likestilling og diskriminering
Ved utgangen av 2020 var det 16 % kvinner i konsernet. Kvinnedelen er stabil og innan tradisjonelle oppgåver i administrasjon, økonomi og kundekontakt. I 2020 tilsette Sognekraft den første kvinnelege lærlingen innafor energimontørfaget. Det vert jobba aktivt for å rekruttere fleire kvinner i stillingar og funksjonar som tradisjonelt er mannsdominerte. Kompetansebehovet til konsernet er innan mannsdominerte utdanningar, noko som pregar heile bransjen. Forutan direktør har tre av seks leiarar vore kvinner i leiargruppa i det tidlegare morselskapet Sognekraft AS. Det er seks aksjonærvalte medlemmer i styret til Sognekraft MOR AS. Styret består av fire kvinner og to menn.

Sognekraftkonsernet jobbar for å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar og hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn. Det er gjennomført kartlegging av desse områda. Eitt av tiltaka for å auke kvinnedelen er at det like ofte vert nytta bilete av kvinner som av menn på stillingsannonsar. Alle tilsette har ved tilsetjing blitt tilbydd heil stilling. Mellombelse eller varige reduksjonar i stillingsstorleik er etter eige ønskje. Det er låg turnover, men når det er ledige leiarstillingar blir alltid interne kandidatar vurdert. Låg kvinnedel gjer det utfordrande å analysere lønsnivå. Det vert gjort i samband med lønsreguleringar og innplassering ved tilsetjing.

HMS
Byggjeaktiviteten held fram innan ny kraftproduksjon og nett i 2020. Leikanger kraftverk byrja med prøveproduksjon i april/mai og produserer medan siste byggjetrinn vert ferdig våren 2022. I Lærdal starta arbeidet med bygging av Tynjadalen og Fosseteigen kraftverk. Nett byggjer ny transformatorstasjon på Kaupanger og høgspentlinjer i Grindsdalen og Nessane- Lånefjorden.

Bygging av Leikanger kraftverk har vore eit stort, omfattande og komplekst arbeid med store utfordringar innan SHA/HMS. Det har vore pågåande arbeid på mange anleggsplassar, drive 15 km tunnelar, bygt kraftstasjon i fjell og ni bekkeinntak. Det meste av dette arbeidet vart ferdig i 2020. Sidan start i 2017, har det ikkje vore alvorlege skadar på personell eller ytre miljø. H1=0, H2=28 og N=4 (tal rapportar per årsverk). Prosjektet har i 2020 hatt seks personskadar utan fråvær.

I månadsskifte mars/april 2020 starta bygging av Tynjadalen og Fosseteigen kraftverk i Lærdal kommune. Det har vore ein personskade utan fråvær og gjennomført seks vernerundar i 2020.

Det er ikkje rapportert forhold til Statsforvaltaren eller andre med konsekvensar for ytre miljø.

Sjukefråværet i 2020 var 3,0 % som er på same nivå som i 2019. Korttidsfråværet er lågt og stabilt. Ingen i konsernet vart smitta av korona i 2020. Det vart innført mange tiltak for å verne om kompetanse og hindre smitte.

I konsernet har det vore ein personskade med fråvær (H1) og ein utan fråvær (H2) i 2020. Det var ein fråværsdag. Utviklinga i skade og skadefråvær har vore slik dei siste fem åra:

År	2016	2017	2018	2019	2020
H1 (skadefråværsfrekvens)	14	6	0	6	5
H2 (skadefrekvens)	21	12	6	29	10
F-verdi (skadefråvær)	63	12	0	6	5

H1 verdi: personskadar med fråvær, H2: personskadar med medisinsk behandling, F-verdi: skadefråvær.

Sognekraft

Føretaksstyring

Risikostyring og internkontroll
Sognekraftkonsernet har ei risikohandbok som identifiserer og dannar rammer for dei viktigaste risikofaktorane. Desse omfattar marknadsaktivitetar, finansforvaltning, rammevilkår og drift. Styret sitt tilsynsansvar vert ivareteke gjennom månadleg rapportering av konsernet sin økonomiske status og prognosar, samt rapportering av drift, økonomi og framdrift i større prosjekt i kvart styremøte. Konsernet har i internkontrollsystemet instruksar for og risikoanalysar av utvalde arbeidsprosessar.

Marknadsrisiko
Den finansielle risikoen er knytt til endringar i pris og volum ved produksjon og handel av kraft, samt finanskostnader. Risikoanalysar syner at kraftpris er den faktoren som er mest avgjerande for konsernet sitt resultat. Kraftprisane vert mellom anna påverka av vêret, brenselprisar og prisar på CO2-kvotar. Vidare vil den generelle økonomiske aktiviteten i samfunnet, storleiken på produksjonen av kjernekraft, og kapasitetsauke innan fornybar energi bety mykje på lang sikt. Nedbørsforhold og temperatur medfører store endringar i prisar og produksjonsvolum frå år til år. Manglande transportkapasitet som fylgje av flaskehalsar i overføringsnettet, kan føre til store prisutslag og skilnader mellom kraftprisområda. Marknadsrisikoen vert styrt gjennom terminsikring av deler av framtidig produksjon. Det er etablert fullmakter, rammer og rapportering for all handel. Handelsaktiviteten vert gjort av eksterne. Fastpriskontraktar vert sikra. Sognekraftkonsernet er eksponert mot valutasvingingar i samband med at euro er notasjonsvaluta på Nord Pool. Alle oppgjer for fysisk kjøp og sal av kraft er utført i norske kroner. Risiko for svingingar i valuta relatert til kraftproduksjon vert delvis kompensert for gjennom terminsikring.

Kapitaltilgang og likviditet
Det er utarbeidd ei heilskapleg finansieringsløysing som grunnlag for investering i ny vasskraftproduksjon. Sognekraft sin låneavtale med Danske Bank, DNB og Sparebanken Vest, sikrar finansiering for byggeperioden og fram til hausten 2023. Konsernet sine lån er i norske kroner. Auka lånegjeld medfører at endring i rentenivået påverkar konsernet sitt resultat i større grad. Det vart i 2020 inngått avtalar om rentesikring av 70 % av forventa lånesaldo i 10 år framover, som risikodempande tiltak.

Operasjonell risiko
Styret har utarbeidd overordna føringar for konsernet si utvikling i strategiplanen som vert jamleg rullert. For å operasjonalisere og bryte ned strategiplanen vert det utarbeidd årlege handlingsplanar med tiltak og tidsplanar. I Sognekraft sitt kvalitetssystem, Soludyne, vert arbeidsprosessar dokumenterte og evaluerte. Risiko- og sårbarheitsanalysar vert utført og dannar grunnlag for tiltak som reduserer sårbarheit innafor dimensjonane HMS, økonomi og forsyningstryggleik. I arbeidet med HMS vert det elles arbeidd målretta med instruksar samt rapportering og analyse av uønska hendingar for å redusere risikoen for skadar.

Rammevilkår
Det er knytt risiko til konsernet og bransjen sine rammevilkår. Dette omfattar i hovudsak spesielle skattar og avgifter for energibransjen, regulering av nettverksemda samt rammevilkår for potensielle nye aktørar og kundar. Generelt er det også politisk risiko i samband med endringar til eit berekraftig fornybarsamfunn.

Omstilling
Digitalisering og automatisering er viktig når det gjeld styring og vedlikehald av kraftverka Sognekraftkonsernet har ansvar for. Det er lagt ned mykje arbeid i innhenting av produksjonsdata i sanntid som grunnlag for produksjonsplanlegging, automatisk justering av produksjonsplanar og overvaking av kraftverka gjennom kontrollsystema. Dei fleste av småkraftverka har installert autostartfunksjon slik at elvekraftverka startar når tilsiget er stort nok. Ein har også mål om å innføre automatisert lukestyring i magasinkraftverka og overgang til tilstandsbasert vedlikehald.

Digitalisering av kraftsystem gir konsernet moglegheit til ei meir presis nettstyring, og å kunne tilby betre oppfølging av kvar kunde. Ein vil i tillegg kunne styre nettet på nye måtar som sikrar leveringskvalitet og betre grunnlag for planlegging av reinvesteringar og nye investeringar. Bransjen generelt er i stor omstilling, der digitalisering og endra rammevilkår vil påverke betydeleg. Det er store omstruktureringar i bransjen, også for Sognekraftkonsernet som har starta samarbeidet om framtidig straumsal og samanslåing av nettverksemda med Aurland og Lærdal.

Eigarforhold
Morselskapet sin aksjekapital består av 7211 aksjar kvar pålydande 20.000 kroner. 2260 er A-aksjar og 4951 er B-aksjar. Aksjane i aksjeklasse B kan berre eigast av stat, fylkeskommune, kommunar eller selskap som stettar krava i konsesjonslova § 4. Aksjar i aksjeklasse A er fritt omsettelege.

Vidare utvikling

For å tilfredsstilla krava til selskapsmessig skilje i energilova, og innretta konsernet for framtida, er dotterselskapet Sognekraft AS fisjonert og verksemda i dette selskapet vert vidareført som fire dotterselskap eigd av Sognekraft MOR AS. Sognekraft AS, som var overdragande selskap i fisjonen, kjem til å endre namn til Sognekraft Produksjon AS og vert eit reint produksjonsselskap. Sognekraft MOR AS skal deretter endra namn til Sognekraft AS. Nettverksemda er overført til Sygnir AS, sluttkundesal er overført til Sognekraft Straum AS og fiberverksemda er overført til Sognekraft Fiber AS.

I desember vart det inngått avtale om å fusjonere nettselskapa Sygnir AS, Aurland Nett AS og Lærdal Nett AS til ei større eining for å kunne dra nytte av synergieffektar og stå sterkare rusta for

framtida. Det nye nettselskapet vert med dette blant landets 20 største nettselskap og er såleis sterkare rusta til å møta framtidig utvikling i bransjen. Samtidig vart det inngått avtale om å fusjonere fiberverksemdene inn i Sognekraft Fiber AS.

For å auke konkurransekrafta og trygge arbeidsplassar, har selskapet valt å selje straum til slutt-kundar i partnarskap med tre andre marknadsselskap for straum i framtida. Sognekraft MOR AS blir deleigar i det nye straumselskapet som har arbeidstittel Kraftfire AS oppstart har over 100.000 kundar og vidare ambisjonar om vekst. Straumbransjen står framfor store endringar mellom anna som følgje av digitalisering. Skal ein vere i front kan ein ikkje stå aleine som liten kraftleverandør. I det nye selskapet er det eit sterkare fag- og kompetansemiljø for utvikling av framtidsretta produkt og tenester.

Endringa av innretninga på grunnrenteskatt frå 2021 reduserer risikoen ved utbygging av vasskraftprosjekt som enno ikkje har starta opp, ved at ein får skattemessig frådrag på investeringstidspunktet. Dette kan medføra at større kraftutbyggingar oppnår betre kalkulert lønsemd.

Det er framleis forventa at kraftoverskotet i Norden aukar dei komande åra, sjølv om utbygginga av vindkraft førebels ikkje skjer i same takt i Norge som i Sverige. Likevel forventar styret at kraftprisane i den neste 10-årsperioden vert høgare enn kraftprisane i den 10-årsperioden konsernet har bak seg. Sjølv om Sognekraftkonsernet forventar auka etterspurnad ettr elektrisk energi frå transportsektoren, industri og datasenter framover, må konsernet i periodar vera budde på stor volatilitet i kraftprisar, mellom anna som følgje av etterslep i utbygging i transportkapasitet samtidig som det skjer store endringar i forbruksmønster.

Etterspurnaden etter berekraftige energiløysingar er aukande, og Sognekraftkonsernet forventar såleis at på noko lenger sikt så vil verdiane i vasskraftproduksjon auka. For 2021 er terminprisane for kraft i tredje kvartal 6 gonger høgare enn gjennomsnittsprisen i NO 5 for 2020. I tillegg vil salet av Sognekraft Straum gi ein gevinst. På den andre sida er akkumulerte snømagasin under 50% av normalnivå. Samla forventar styret likevel at årsresultatet i 2021 vert høgare enn for 2020.

Vik, 18. mai 2021

Geir Arve Sandvik Styreleiar	Laura Kvamme Nestleiar	Arne Andreas Riisnes Styremedlem	Silje Skaar Sunde Styremedlem
Marta Finden Halset Styremedlem	Brita Holstad Styremedlem		Terje Bakke Nævdal Konsernsjef

Sognekraft

RESULTAT

KONSERN 2 019	2 020		Note			MORSELSKAP 2020	2019
439 041	147 655	Inntekter frå energisal	3			0	
96 547	100 594	Inntekter frå kraftoverføring	6			0	
49 558	59 287	Telekominntekter	2			0	
50 153	90 174	Andre driftsinntekter	2			0	
635 299	**397 711**	**Sum driftsinntekter**				**0**	
272 740	81 273	Energikjøp	3			0	
23 209	22 237	Overføringskostnader				0	
19 178	13 350	Anna varekostnad				0	
315 127	**116 860**	**Sum varekostnad**				**0**	
34 492	39 927	Ordinære avskrivingar	4			0	
59 266	57 878	Personalkostnader	14	15		0	
40 822	50 971	Andre driftskostnader	14	18		0	
10 172	12 188	Eigedomsskattar og avgifter				0	
144 752	**160 964**	**Sum driftskostnader**				**0**	
175 421	**119 887**	**Driftsresultat**	2			**0**	
20 313	-8 118	Inntekt på investering i andre selskap	5	16		14 509	
3 118	21 500	Finansinntekter	16			0	
43 551	45 689	Finanskostnader	20	16		0	
20 121	**32 307**	**Netto finanskostnader**				**-14 509**	
155 300	**87 579**	**Resultat før skattekostnad**				**14 509**	
33 859	-5 231	Skattekostnad grunnrente				0	
27 778	11 552	Skattekostnad på overskot	11			0	
61 637	**6 322**	**Sum skattekostnad**				**0**	
93 663	**81 258**	**Årsresultat**	1	2	21	**14 509**	
1 627	2 174	Minoriteten sin del av årsresultatet	12				
92 035	79 084	**Årsresultat etter minoritetsinteresser**					
25 870	16 069	Føreslege utbytte til utbetaling				14 509	
66 165	63 016	Overføring annan eigenkapital				0	

EIGENDELAR

KONSERN					MORSELSKAP	
2019	**2020**		**Note**		**2020**	**2019**
		Anleggsmidlar:				
		Immaterielle eigendelar:				
9 729	14 962	Utsett skattefordel	11		0	
154 367	155 867	Fallrettar			0	
4 928	351	Andre immaterielle eigendelar			0	
169 024	**171 180**	**Sum immaterielle eigendelar**			**0**	
		Varige driftsmidlar:				
96 402	116 133	Tomter, bygningar og annan fast eigendom	4		0	
140 155	135 512	Reguleringsanlegg og kraftstasjonar	4		0	
511 463	618 985	Nett- og fiberanlegg	4		0	
24 737	24 181	Fjernvarmeanlegg	4		0	
84 192	89 008	Andre driftslausøyre	4		0	
731 416	96 154	Anlegg under arbeid	4		0	
1 588 365	**1 079 973**	**Sum varige driftsmidlar**	**4**	**10**	**0**	
		Finansielle anleggsmidlar:				
0	0	Investeringar i dotterselskap	5	8	612 935	
56 559	230 536	Investeringar i tilknytte selskap	5		0	
0	281 657	Langsiktig lån til tilknytte selskap	8		0	
179 787	179 787	Investeringar i andre aksjar og andelar	5		0	
43 910	44 476	Andre langsiktige fordringar	8		0	
280 257	**736 456**	**Sum finansielle anleggsmidlar**			**612 935**	
2 037 645	**1 987 609**	**Sum anleggsmidlar**			**612 935**	
		Omløpsmidlar:				
7 079	**8 300**	**Varelager**			**0**	
		Fordringar:				
126 599	120 387	Kundefordringar			0	
0	0	Fordringar konsern			14 509	
0	3 362	Netto mindreinntekt	6		0	
9 003	5 044	Andre fordringar, forskotsbetalte kostnader			0	
135 602	**128 793**	**Sum fordringar**			**14 509**	
56 519	105 473	**Bankinnskot, kontantar og liknande**	**7**		82	
199 200	**242 567**	**Sum omløpsmidlar**			**14 590**	
2 236 846	**2 230 175**	**SUM EIGENDELAR**			**627 525**	

Sognekraft

GJELD OG EIENKAPITAL

KONSERN 2019	KONSERN 2020		Note		MORSELSKAP 2020	MORSELSKAP 2019
		Eigenkapital				
		Innskoten eigenkapital				
144 220	144 220	Aksjekapital	13	12	144 220	
43 170	468 695	Overkurs	12		468 695	
187 390	**612 915**	**Sum innskoten eigenkapital**	**12**		**612 915**	
		Opptent eigenkapital				
388 479	27 703	Annan eigenkapital	12		0	
10 841	12 455	Minoritetsinteresser	12			
399 320	**40 158**	**Sum opptent eigenkapital**			**0**	
586 711	**653 073**	**SUM EIGENKAPITAL**	12	22	**612 915**	
		Gjeld				
		Avsette forpliktingar				
22 964	20 795	Pensjonsforpliktingar	15		0	
5 257	13 551	Utsett Skatt	11		0	
28 222	**34 346**	**Sum avsette forpliktingar**	**19**		**0**	
		Langsiktig gjeld				
1 400 000	1 400 000	Gjeld til kredittinstitusjonar			0	
675	675	Øvrig langsiktig gjeld			0	
1 400 675	**1 400 675**	**Sum langsiktig gjeld**	**9**	**10**	**0**	
		Kortsiktig gjeld				
83 258	58 720	Leverandørgjeld			0	
17 860	25 609	Skattetrekk, feriepengar, offentlege avgifter	7		-4	
52 911	8 253	Avsett til påløpne skattar	11		0	
33 789	33 431	Påløpne kostnader / anna kortsiktig gjeld	17		106	
7 550	0	Netto meirinntekt	6		0	
25 870	16 069	Utbyte	12		14 509	
221 238	**142 081**	**Sum kortsiktig gjeld**			**14 610**	
1 650 135	**1 577 103**	**Sum gjeld**			**14 610**	
2 236 846	**2 230 175**	**SUM EIGENKAPITAL OG GJELD**			**627 525**	

Vik, 18. mai 2021

Geir Arve Sandvik Styreleiar	Laura Kvamme Nestleiar	Arne Andreas Riisnes Styremedlem	Silje Skaar Sunde Styremedlem
Marta Finden Halset Styremedlem	Brita Holstad Styremedlem		Terje Bakke Nævdal Konsernsjef

KONTANTSTRAUMANALYSE

KONSERN			MORSELSKAP	
2019	**2020**		**2020**	**2019**
		Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar		
155 300	87 579	Ordinært resultat før skattekostnad	14 509	
-77 175	-52 911	Betalt skatt i perioden	0	
34 492	39 927	Ordinære av- og nedskrivingar	0	
200	0	Nedskriving av finansielle anleggsmiddel	0	
-19 720	-49 396	Gevinst sal av anleggsmiddel	0	
-18 000	0	Postar klassifisert som invest. eller fin. -aktivitetar	0	
1 162	-1 221	Endring i varelager	0	
56 593	7 133	Endring i kundefordringar	0	
-26 626	-24 834	Endring i leverandørgjeld	0	
-2 050	-1 879	Forskjell mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar	0	
-1 286	14 742	Endring i andre tidsavgrensingspostar	-14 532	
102 891	**19 139**	**Netto kontantstraum frå operasjonell aktivitet**	**-24**	**0**
		Kontantstraum frå investeringsaktivitetar		
19 720	49 896	Innbetalt frå sal av anleggsmiddel	0	
-389 609	-141 558	Utbetalingar ved kjøp og tilvirking av varige driftsmidlar	0	
0	-973	Bankbeholdning i selskap ut av konsern		
-2 513	-264 709	Utbetalingar frå andre investeringsaktivitetar	0	
22 666	412 659	Innbetalingar frå andre investeringsaktivitetar	0	
-349 736	**55 315**	**Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar**	**0**	**0**
		Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar		
200 000	0	Innbetalt frå opptak ny langsiktig gjeld	0	
-135	0	Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	0	
0	-630	Innbetalt frå opptak av ny kortsiktig gjeld	106	
1 650	1 000	Innbetaling av eigenkapital	0	
-23 550	-25 870	Utbetaling av utbytte	0	
177 965	**-25 500**	**Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar**	**106**	**0**
-68 880	48 954	Netto endring i kontantar og bankinnskot	82	
125 399	56 519	Behaldning av kontantar og bankinnskot pr. 01.01.	0	
56 519	**105 473**	**Behaldning av kontantar og bankinnskot pr. 31.12.**	**82**	**0**

Sognekraft

NOTAR

Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova frå 1998 og er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar.

Prinsipp for inntekts- og kostnadsføring og klassifisering av postar
Inntektsføring i rekneskapen skjer ved levering av varer eller tenester til kunde. Kostnader vert medteke i rekneskapen i den perioden dei påkjem.

Eignelutar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eignelutar er klassifisert som omløpsmidlar. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost. Dersom anleggsmiddelet har avgrensa økonomisk levetid vert det avskrive planmessig over levetida. Ved vurdering av omløpsmidlar er lågaste verdis prinsipp nytta, slik at omløpsmidlane er vurdert til lågaste verdi av anskaffelseskost og marknadsverdi.

Langsiktig gjeld vert balanseført til pari kurs. Kortsiktig gjeld vert balanseført til motteke beløp på lånetidspunktet, og vert ikkje skrive opp til verkeleg verdi som fylgje av renteendring.

Enkelte postar er vurdert etter andre reglar og desse er det gjort greie for nedanfor.

Konsolidering og konsernrekneskap
Konsernrekneskapen er sett opp for å vise tala for morselskapet Sognekraft MOR AS og dotterselskapa som ei økonomisk eining. Alle vesentlege transaksjonar mellom selskapa er eliminerte i konsernrekneskapen. Meir- og mindreverdiar frå konserndanninga er førde til kostpris og avskrivne lineært med lik plan som balanseverdiane dei er knytte til. Selskapsrekneskapa for dotterselskapa er oppsett etter god rekneskapsskikk.

Minoriteten sin del av resultat etter skattar er vist som eiga linje etter konsernet sitt årsresultat. Minoriteten sin del av eigenkapitalen er vist som eiga linje under eigenkapitalen.

Dotterselskap
Dotterselskap er alle selskap der konsernet har bestemmande påverknad. Bestemmande påverknad er normalt oppnådd når konsernet eig meir enn 50 % av aksjane i selskapet, og er i stand til å utøve faktisk kontroll over selskapet.

Utbytte
Utbytte frå døtre og tilknytta selskap er inntektsført i det året dei vert avsett i selskapsrekneskapen. I konsernrekneskapen vert utbytte eliminert vekk mot annan eigenkapital.

Varige driftsmidlar
Varige driftsmidlar vert avskrive over forventa økonomisk levetid. Avskrivingane er som hovudregel fordelt lineært over antatt økonomisk levetid.

Medeigarskap i andre kraftverk
Sognekraftkonsernet eig 12 % av stasjonsgruppa Vikfalli. Vikfalli inngår i rekneskapen etter bruttometoden. Sal av kraft frå Vikfalli er inkludert i posten sal av kraft, driftskostnader for konsernet sin del er inkludert i posten energikjøp og avskrivingane inngår i posten avskrivingar i rekneskapen. Eigedomsskatt, grunnrente- og naturressursskatt for Vikfalli vert utlikna på Sognekraft si hand og er inkludert i desse postane i rekneskapen.

Magasinfylling
I samsvar med tilråding frå Energi Norge vert ikkje vassmagasin balanseført. Vassmagasin har likevel betydning for vurdering av det rekneskapsmessige resultatet for selskapet.

Kraftkontraktar
Alle kjøps- og salskontraktar blir periodiserte, dvs. inntekter og kostnader blir tilordna leverings- og mottakstidspunkt. Kontraktsportefølja vert vurdert samla til faktiske prisar på sals- og kjøpskontraktar med tilsvarande volum og samanfallande 27 leveringsperiodar. Urealiserte netto tap i portefølja vert kostnadsført medan urealiserte gevinstar ikkje vert inntektsført.

Fordringar
Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. For dei øvrige kundefordringane vert det i tillegg gjort ei uspesifisert avsetning for å dekkje sannsynlege tap.

Varelager
Varelager er vurdert til lågaste verdi av historisk kostpris og verkeleg verdi.

Skattar
Sognekraftkonsernet betalar fire ulike skatteartar. Dette er allminneleg overskotsskatt, naturressursskatt, grunnrenteskatt og eigedomsskatt.

Overskotsskatt
Overskotsskatten vert berekna etter dei ordinære skattereglane. Skattekostnaden i resultatrekneskapen er samansett av betalbar skatt og endring i utsett skatt. Betalbar skatt vert berekna på grunnlag av årets skattemessige resultat. Utsett skatt vert berekna på grunnlag av midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar.

Naturressursskatt
Naturressursskatten er overskotsuavhengig og vert berekna basert på det enkelte kraftverk sin gjennomsnittlege produksjon dei siste 7 åra. Naturressursskatten kan utliknast mot overskotsskatten, og ikkje utlikna naturressursskatt kan framførast med renter.

Grunnrenteskatt
Grunnrenteskatten er ein kraftverksspesifikk skatt som vert berekna separat for kvart kraftverk. Grunnrenteskatten har som formål å skattlegge den avkastinga ein vasskraftprodusent har utover normalavkasting som fylgje av at produsenten utnyttar ein naturressurs. Denne skatten er delvis overskotsavhengig og kjem i tillegg til overskotsskatten. Skattekostnaden knytt til grunnrente i Sognekraftkonsernet sin resultatrekneskap består av betalbar skatt og endring i utsatt skatt. I utsatt skatt vert det teke omsyn til tre forhold; midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar for kraftverk, akkumulerte negative grunnrenteinntekter og midlertidige skilnader vedrørande netto pensjonsforpliktelsar knytt til kraftverka. Ved aktivering av utsatt skatt vert nominell skattesats på 37 % brukt.

Eigedomsskatt
Eigedomsskatten er ei overskotsuavhengig avgift som vert berekna basert på ein eigedomsskattetakst. Eigedomsskatten utgjer inntil 0,7 % av taksten. I rekneskapen er eigedomsskatten inkludert i driftskostnader. Eigedomsskatt for kraftverk vert fastsett på grunnlag av skattemessig formuesverdi i likningsåret før eigedomsskatten vert skriven ut.

Note 2 Driftsresultat fordelt på forretningsområde

Konsern

Beløp i 1000kr	Produksjon	Nett	Sluttbruk	Fiber/ telekom	Anna verksemd	Stab og støtte	Interne transak-sjonar	Sum konsern
Driftsinntekter	173 910	106 786	107 399	59 287	9 695	32 727	-92 094	397 711
Energikjøp	87 462	1 446	86 431	0	0	0	-94 066	81 273
Sentralnettsavgifter	7 562	15 936	0	-15	0	0	-1 245	22 237
Anna varekostnad	144	127	5 657	10 424	1 019	23	-4 044	13 350
Løns- og personalkostnad	13 576	7 044	0	12 244	1 946	23 074	-6	57 878
Ordinære avskrivingar	12 134	14 074	0	11 506	1 667	172	374	39 927
Øvrige driftskostnader	44 177	34 002	4 495	10 060	2 924	9 514	-42 014	63 159
Driftsresultat	**8 854**	**34 157**	**10 816**	**15 068**	**2 139**	**-55**	**48 908**	**119 887**

Sognekraft

Note 3 Kraftproduksjon, kraftsal og kraftkjøp

Produksjon i GWh	2020	2019	Gj.sn. Års-produksjon
Produksjon Årøy (100% eige verk)	394	337	395
Produksjon Dyrnesli Kraftverk / Vadheim Kraft AS (100% aksjepost)	56	50	52
Nydalselva Kraft (50% aksjepost)	38	30	30
Produksjon Vikfalli (12% medeigar)	85	87	111
Leikanger Kraft, delvis drift i 2020 (50% aksjepost)	42	0	104
Produksjon Svelgen Kraft (10% aksjepost)	79	62	75
Sum	**695**	**566**	**767**

Kraftsal og kraftkjøp
Sognekraftkonsernet handlar aktivt i kraftmarknaden. Porteføljа inneheld eigenproduksjon, kjøp av konsesjonskraft frå kommunane i konsejonsområdet og kjøps- og salskontraktar for framtidig levering. Kraftsals- og kraftkjøpskontraktar med levering i same periode vert samanstilt etter porteføljeprinsippet og urealiserte tap som måtte vera i porteføljа vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert ikkje inntektsført. Eigenproduksjonen vert i denne vurderinga lagt inn som ein kjøpskontrakt med kjøpspris lik sjølvkost.

Note 4 Anleggsmidlar

KONSERN *Beløp i 1000 kr*	Anskaff.-kostnad 01.01.2020	Tilgang 2020	Avgang 2020	Anskaff.-kostnad 31.12.2020	Akk. av- og ned-skriving	Bokført verdi 31.12.2020	Årets ordinære avskr.	Øk. levetid (snitt) år
Tomt, bygg og annan fast eigendom	125 097	23 035	-215	147 917	33 589	114 327	3 358	30
Reguleringsanl. og kraftstasjonar	620 121	4 741	0	624 862	489 350	135 512	9 384	59
Nettanlegg produksjon	14 079	0	0	14 079	13 901	179	5	32
Regionalnett	234 537	47 989	-748	281 778	76 046	205 732	3 290	39
Distribusjonsnett	455 169	52 403	-4 716	502 856	184 229	318 627	5 717	50
Fjernvarmeanlegg	52 479	0	0	52 479	11 960	40 519	1 798	38
Driftslausøyre	135 474	17 761	-3 688	149 547	76 703	72 844	11 391	8
Fiber	100 546	21 098	0	121 644	27 312	94 332	5 013	20
Anlegg under arbeid	743 790	-1 653	-633 647	108 490	12 336	96 154	-38	
Lager av materiell	1 767	0	0	1 767	20	1 746	9	
Avskriving på seldt driftsmiddel							0	
Sum	**2 483 059**	**165 375**	**-643 014**	**2 005 420**	**925 447**	**1 079 973**	**39 927**	

Alle anleggsmidlar har lineær avskrivingsplan
Fallrettar er evigvarande og vert ikkje avskrivne. Lik som med varige driftsmiddel, blir dei vurdert skrivne ned til verkeleg verdi ved varig og vesentleg verdifall.

Note 5 Aksjepostar og konsolidering av dotterselskap

Konsernstruktur
Mor: Sognekraft Mor AS

Dotterselskap (tal i heile 1 000):	Eigardel	Sum aksjekapital	Bokført eigenkapital	Minoriteten sin del av EK	Ansk. kostnad	Balanseført verdi	Resultat etter skatt 2020
Sognekraft AS	100 %	144 220	621 222	0	612 935	612 935	89 337
Sum aksjar i dotterselskap				**0**	**612 935**	**612 935**	
Underliggande dotterselskap, eigd av Sognekraft AS							
Sognenett AS	70 %	8 100	22 797	6 839	4 365	4 365	7 463
Feios Kraftverk AS	70 %	651	662	199	10 922	0	-95
Offerdal Kraftverk AS	80 %	22 100	27 087	5 417	21 683	21 683	-184
Vik Industrier Eigedom AS	100 %	900	2 509	0	8 481	8 481	839
Vadheim Kraft AS	100 %	100 000	102 212	0	100 020	100 020	-3 347
Sognekraft Fiber AS	100 %	30	23	0	30	30	-1
Sygnir AS	100 %	30	22	0	30	30	-3
Leikanger Næringsutvikling AS	100 %	30	24	0	30	30	0
Sognekraft Straum AS	100 %	30	23	0	30	30	-1
Sum aksjar i underliggande dotterselskap				**12 455**	**145 591**	**134 669**	

* Beløp i heile 1 000, og utan eliminering av konserninterne transaksjonar.

	Eigardel	Ansk. kostnad	Balanseført verdi
Svelgen Kraft Holding AS	10,0 %	179 622	179 622
Andre aksjeinvesteringar konsern		2 265	165
Sum aksjar og investeringar i andre selskap morselskap		**0**	**0**
Sum aksjar og investeringar i andre selskap konsern		**181 887**	**179 787**

Selskap rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden	Nydalselva Kraft AS	Leikanger Kraft AS	Kuvelda Kraft AS	Sogn Datasenter AS
Opprinneleg kostpris	3 848			
Andel balanseført eigenkapital på kjøpstidspunktet	-5 673			
Henførbar meir-/mindreverdi	9 521	0	0	0
Kostpris 1.1.2020	41 905	0	0	0
Akkumulerte resultat tidlegare år	14 538	0	0	0
Selskapet sin del av årsresultatet	-2 232	-5 762	-123	0
Avskriving meirverdiar	-114			
Overføringar til/frå selskapet i året		142 500	39 200	395
Andre endringar i året				
Utgåande balanse 31.12.2020	**54 097**	**136 738**	**39 077**	**394**

Sognekraft

Note 6 Bokført meir- / mindreinntekt

I samband med NVE sin kontroll av energiverka si prissetjing og effektivitet innanfor transport av energi, er det for 2020 rapportert ei netto mindreinntekt i denne verksemda på 3,4 mill.kroner, og for 2019 ei netto meirinntekt på 7,6 mill.kroner. Mindreinntekter vert kravd inn frå overføringskundane i form av auka overføringstariffar og er difor bokført som ein kortsiktig fordring. Meirinntekt vert tilsvarande utbetalt gjennom reduserte tariffar og bokført som kortsiktig gjeld ved årsskiftet.

Beløp i 1000kr	**2020**	**2019**
Opprinneleg initiell inntektsramme justert for tapsprisar	80 039	73 559
Årets kostnader for overliggjande nett	15 386	14 445
Eigedomsskatt	3 210	2 989
Tilbakeføring av akkumulert meir-/mindreinntekt førre år	-7 550	-9 687
Årets mindreinntekt KILE-ordninga	-3 011	-2 566
Avvik på avskr. og avk. på avvik	12 102	13 052
Justert inntektsramme	**100 175**	**91 791**
Fakturerte inntekter i året	92 061	97 098
Meir-/mindreinntekt pr. 31.12.	-8 114	5 307
Korreksjon fjoråret	4 720	2 108
Inntektsførte/ utgiftsførte renter	33	136
Netto mindre-/ meirinntekt pr. 31.12. inkl. renter	**-3 362**	**7 550**

Grunnlag for kapitalavkasting	638 759	540 923
Driftsresultat nett	34 159	22 730
Effekt av pensjonskostnad mot EK	112	-3 427
Driftsresultat nett inkl effekt av pensjon	34 271	19 303
Avkasting i %	5,4 %	3,6 %

Note 7 Bankinnskot og likvide midlar

KONSERN		Likvide midlar	Morselskap	
31.12.2019	31.12.2020	Beløp i 1000kr	31.12.2020	31.12.2019
30 896	31 166	Bankinnskot i NOK	82	
11 235	34 202	Bankinnskot i valuta	0	
3 950	4 225	Forskotstrekk tilsette	0	
5 486	3 476	Bankinnskot bunde for Esett	0	
4 953	32 405	Bankinnskot bunde for Nasdaq OMX	0	
56 519	**105 473**	**Sum**	**82**	

Note 8 Langsiktige fordringar

KONSERN			Morselskap	
31.12.2019	31.12.2020	Beløp i 1000kr	31.12.2020	31.12.2019
3 710	4 302	Default fund Nasdaq OMX	0	
39 834	39 834	Ansvarleg lån Svelgen Kraft Holding AS	0	
0	281 657	Lån Leikanger Kraft AS	0	
366	339	Anna langsiktig fordring	0	
43 910	**326 132**	**Sum andre langsiktige fordringar**	**0**	

Note 9 Langsiktig gjeld

KONSERN				MORSELSKAP	
31.12.2019	31.12.2020	Beløp i 1000kr	Aktuell rente	31.12.2020	31.12.2019
1 400 000	1 400 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	2,28 %	0	
675	675	Øvrig langsiktig gjeld		0	
1 400 675	**1 400 675**	**Sum langsiktig gjeld**		**0**	
		Renteberande fordringar			
39 834	39 834	Ansvarleg lån Svelgen Kraft		0	
0	281 657	Lån Leikanger Kraft AS			
46 069	69 593	Bank og likvide midlar		82	
85 903	**391 083**	**Sum renteberande fordringar**		**82**	
1 314 772	**1 009 592**	**Netto renteberande gjeld**		**-82**	

Forfall langsiktig gjeld		
1 400 675	1-4år til forfall	0
0	Etter meir enn 5år	0
1 400 675	Sum	0

Sognekraft

Note 10 Pantsetjingar og garantiar

KONSERN			MORSELSKAP	
31.12.2019	**31.12.2020**	Beløp i 1000kr	**31.12.2020**	**31.12.2019**
1 400 000	1 400 000	Gjeld som er sikra med pant	0	
1 400 000	**1 400 000**	**Sum**	**0**	**0**
		Bokført verdi av pantsatte verdiar:		
2 378	2 297	Tomter, bygninger og anna fast eigedom	0	0
80 317	73 917	Reguleringsanlegg og kraftstasjonar	0	0
9 874	10 300	Driftstilbehøyr	0	0
0	281 657	Fordringar på dotterselskap og tilknytta selskap	0	0
223 647	224 213	Andre fordringar	0	0
316 217	**592 383**	**Sum**	**0**	**0**

Sognekraft AS har vidare forplikta seg til ikkje å overføra disposisjonsretten for eigarandelen i Vikafalli så lenge låneavtalen varer.

Note 11 Skatt

KONSERN		Skatt Beløp i 1000kr	MORSELSKAP	
2019	**2020**	**Årets skattekostnad**	**2020**	**2019**
2 285	0	Betalbar skatt tidlegare års resultat	0	
20 122	3 809	Betalbar skatt på årets resultat	0	
-5 868	-5 894	- avrekna naturressursskatt	0	
5 371	7 743	Brutto endring utsatt skatt alm inntekt	0	
5 868	5 894	Naturressursskatt	0	
32 789	0	Betalbar grunnrenteskatt	0	
1 070	-5 231	Brutto endring utsatt skatt grunnrente	0	
61 637	**6 322**	**Årets totale skattekostnad**	**0**	

2019	**2020**	**Betalbar skatt på årets resultat**	**2020**	**2019**
155 288	87 579	Ordinært resultat før skattekostnad	14 509	
-41 263	-36 139	Permanente forskjellar	-14 529	
-22 837	-36 607	Endring midlertidige forskjellar	0	
0	2 152	Tilbakeført underskot (koronatiltak)	0	
263	328	Endring i framførbart underskot	20	
91 451	17 313	Grunnlag betalbar skatt	0	
20 119	**3 809**	**Skatt 22%**	**0**	

31.12.2019	**31.12.2020**	**Grunnlag for utsett skatt**	**31.12.2020**	**31.12.2019**
		Forskjellar som vert utligna:		
-56 921	-82 887	Driftsmidlar	0	
1 855	-57	Omløpsmidlar	0	
31 167	21 410	Gjeld	0	
-23 899	**-61 534**	**Sum**	**0**	
-5 258	**-13 538**	**Utsett skatt (22%)**	**0**	
9 729	14 949	**Utsett skatt grunnrente (37%)**	**0**	
4 472	**1 411**	**Utsett skatt i balansen**	**0**	

31.12.2019	**31.12.2020**	**Skuldig betalbar skatt i balansen**	**31.12.2020**	**31.12.2019**
20 122	2 359	Betalbar naturres.skatt / skatt på alm. inntekt	0	
32 789	5 894	Betalbar grunnrenteskatt	0	
52 911	**8 253**	**Skuldig betalbar skatt i balansen**	**0**	

Sognekraft

Note 12 Eigenkapital

Morselskap	Aksjekapital	Overkurs	Anna eigenkapital	Sum
Beløp i 1000kr				
Eigenkapital pr. 01.01.2020	-	-	-	-
Stiftelse	144 220	468 695		612 915
Årsresultat			14 509	14 509
Avsett til utbytte			(14 509)	(14 509)
Eigenkapital pr. 31.12.2020	**144 220**	**468 695**	**(0)**	**612 915**

Konsern	Aksjekapital	Overkurs	Anna eigenkapital	Minoriteten sin del	Sum
Eigenkapital pr. 31.12.2019	144 220	43 170	388 479	10 841	586 711
Estimatavvik vedrørande pensjonar			215		215
Eigenkapital pr. 01.01.2020	144 220	43 170	388 694	10 841	586 925
Effekt av konsolideringar i året		425 525	(425 567)	1 000	958
Årsresultat			79 084	2 174	81 258
Avsett til utbytte			(14 509)	(1 560)	(16 069)
Eigenkapital pr. 31.12.2020	**144 220**	**468 695**	**27 703**	**12 455**	**653 073**

Note 13 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapital

Beløp i 1000kr	Antal	Pålydande	Balanseført
A-aksjar	2 260	20 000	45 200
B-aksjar	4 951	20 000	99 020
Sum	**7 211**	**20 000**	**144 220**

Aksjonærar pr 31.12.2020	A-aksjar	B-aksjar	Sum	Eigardel
BKK AS	679	2526	3205	44,44 %
Vik kommune	302	1125	1427	19,79 %
Luster Energiverk AS	931	0	931	12,91 %
Sogndal kommune	243	909	1152	15,98 %
Luster kommune	105	391	496	6,88 %
Totalt	2260	4951	7211	100,00 %

B-aksjane kan berre eigast av stat, fylkeskommunar, kommunar eller selskap som stettar krava i konsesjonslova § 4 (lov av 14.12.1977) utan heimfall slik desse reglane er til ei kvar tid. I andre høve er B-aksjane fullt ut jamnstilte med A-aksjane.

Note 14 Lønskostnader, tal tilsette, godtgjeringar mm

KONSERN 2019	KONSERN 2020	Lønskostnader, tilsette Beløp i 1000kr	MORSELSKAP 2020	MORSELSKAP 2019
77 971	81 070	Brutto løn	0	
10 098	11 081	Arbeidsgjevaravgift	0	
4 673	5 773	Pensjonskostnader	0	
688	-50	Andre personalkostnader	0	
-34 164	-39 996	Aktiverte løns- og personalkostnader	0	
59 266	**57 878**	**Sum**	0	
103	110	**Gjennomsnittleg tal årsverk**	0	

KONSERN 2019	KONSERN 2020	Kostnader til revisor Beløp i 1000kr	MORSELSKAP 2020	MORSELSKAP 2019
533	554	Revisjonshonorar	0	
30	143	Andre tenester	15	
563	**697**	**Sum**	**15**	

Ytingar til styra i morselskapet og konsernselskapa

Beløp i 1000 kroner	Honorar
Styret i Sognekraft Mor AS	0
Styret i Sognekraft AS	390
Styret i Feios Kraftverk AS	22
Styret i Offerdal Kraftverk AS	24
Styret i Sognenett AS	66
Styret i Vik Industrier Eigedom AS	0
Styret i Vadheim Kraft AS	0
Styret i Sygnir AS	0
Styret i Sognekraft Straum AS	0
Styret i Sognekraft Fiber AS	0
Styret i Leikanger Næringsutvikling AS	0
Styret i Vadheim Kraft AS	0
Sum	502

Styremedlemmer som er tilsett i BKK, tek ikkje mot styrehonorar, men honoraret vert betalt til BKK AS. Det føreligg ingen forpliktingar utover ordinært styrehonorar ovanfor styreleiar.

Ytingar til leiande tilsette

Beløp i 1000kr	Lønn	Anna godtgj., bilord. mv.	Sum lønn og anna godtgj.	Pensjons-kostnader
Adm. direktør Terje Bakke Nævdal	2 338	249	**2 587**	172
Administrasjonssjef Berit Larsen	1 425	11	**1 436**	173
Økonomisjef Monika Amundsen	1 034	11	**1 045**	103
Nettsjef Stian Frøiland	1 146	10	**1 156**	123
Produksjonssjef Jacob Hornnes	1 071	11	**1 082**	79
Utbyggingssjef Harald Fimreite	1 149	14	**1 163**	124
Marknadssjef Trude Undebakke	1 088	13	**1 101**	113
Dagleg leiar Sognenett Ole Petter Hatlevoll	1 073	10	**1 083**	102

Adm. direktør i Sognekraft har avtale om etterløn ved spesielle høve. Adm.direktør har avtale om supplerande innskotspensjon for lønn over 12G. Ingen andre tilsette har avtale om etterløn eller avtale om pensjon ut over vilkåra i den kollektive pensjonsordninga, sjå note 15.

Sognekraft

Note 15 Pensjonskostnader og forpliktingar

Tre av selskapa i konsernet er pliktige til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har pensjonsordning som oppfyller krava etter denne lova. Sognekraft AS hadde ei lukka, kollektiv ytingspensjonsordning i BKK Pensjonskasse, samt har ei innskotsordning, medan Vadheim kraft AS og Sognenett AS har kvar si innskotsordning. Den lukka ytingsplanen i Sognekraft AS omfatta alders-, uføre- etterlatte- og barnepensjon i tillegg til AFP og var ei bruttoordning tilsvarande tidlegare offentleg ordning. Innskotsordningar omfattar alle tilsette, med unntak av 12 tilsette i Sognekraf AS, som framleis er ein del av den lukka ytingsordninga.

Pensjonskostnaden for 2020 er rekna i samsvar med revidert IAS 19. For ytingsordninga vil det sei at estimatavvik umiddelbart vert amortisert og ført mot eigenkapitalen. Aktuarberekningane er utført av aktuar i Gabler AS som administrerer BKK Pensjonskasse. Premie for innskotsordningane vert utgiftsført løpande i den perioden den gjeld.

Årets pensjonskostnad for ytingsordninga kjem fram slik:

Beløp i 1000kr	**2020**	**2019**
Årets pensjonsopptening	1 407	2 195
Rentekostnad	3 168	3 632
Avkastning på pensjonsmidler	-2 674	-3 238
Amort. av forpl. ved planendring	0	-746
Resultatført nettoforplikting ved oppgjer	-1 485	-1 084
Administrasjonskostnader	215	213
Netto pensjonskostnad	632	972
Arbeidsgjevaravgift	198	309
Medlemsinnskot	-166	-475
Total pensjonskostnad	665	806

Balanseførte forpliktingar kjem fram slik

	31.12.2020	**31.12.2019**
Påløpte pensjonsforpliktingar	141 657	139 214
Påløpte pensjonsforpliktingar innskotsordning	481	0
Verdi av pensjonsmidlar	-121 343	-116 250
Netto pensjonsforpliktelse etter arb.g.avg.	**20 795**	**22 964**

Økonomiske føresetnader:	**2020**	**2019**
Diskonteringsrente	1,50 %	2,30 %
Forventa avkastning på fondsmidlar	1,50 %	2,30 %
Forventa framtidig lønsvekst	2,00 %	2,50 %
Forventa pensjonsregulering	1,00 %	1,50 %
Forventa auke i folketrygda sitt grunnbeløp	1,75 %	2,25 %
Arbeidsgjevaravgiftssats	14,10 %	14,10 %
Tal tilsette	12	12
Tal pensjonistar	44	41

Demografiske faktorar og avgang er basert på vanlege føresetnader innan forsikring.

Note 16 Finanspostar

KONSERN 2019	2020	Finansinntekter Beløp i 1000kr	MORSELSKAP 2020	2019
18 000	-	Utbytte/konsernbidrag/gevinst	14 509	
2 313	(8 118)	Resultatandel frå tilknytta selskap	-	
3 906	21 353	Renteinntekter	-	
-	-	Renteinntekter frå selskap i konsern	-	
(815)	124	Valutagevinst	-	
26	22	Andre finansinntekter	-	
23 430	**13 382**	**Sum finansinntekter**	**14 509**	

KONSERN 2019	2020	Finanskostnader Beløp i 1000kr	MORSELSKAP 2020	2019
52 374	42 907	Rentekostnader lånegjeld	-	
200	-	Nedskriving finansielle anleggsmidlar	-	
(17 994)	(4 431)	Aktiverte rentekostnader prosjekt	-	
8	47	Valutatap	-	
8 963	7 166	Andre finanskostnader	-	
43 551	**45 689**	**Sum finanskostnader**	**-**	

Sognekraft

Note 17 Påløpne kostnader / anna kortsiktig gjeld

KONSERN			MORSELSKAP	
31.12.2019	31.12.2020	Beløp i 1000kr	31.12.2020	31.12.2019
8 351	8 756	Avsatte feriepenger	-	
3 760	3 083	Påløpte renter	-	
4 778	332	Forpliktelse elsertifikater	-	
16 899	21 260	Avsetninger for kostnader / uopptent inntekt	-	
-	6	Gjeld til selskap i same konsern	106	
33 789	**33 436**	**Sum påløpne kostnader / anna kortsiktig gjeld**	**106**	**-**

Note 18 Andre driftskostnader

KONSERN			MORSELSKAP	
2019	2020	Beløp i 1000kr	2020	2019
6 805	7 939	Kostnader lokale, leigekostnader	-	
19 009	24 456	Kjøpte driftsmateriell og tenester	-	
3 548	2 601	Kontorkostnad	-	
13 907	15 889	Øvrige driftskostnader	0	
(2 448)	85	Tap på krav	-	
40 822	**50 971**	**Sum andre driftskostnader**	**0**	**-**

Note 19 Ikkje balanseførte forpliktingar

Sognekraft AS har leveringsforpliktingar på energi til kundar i eige konsesjonsområde. I tillegg er det inngått salskontraktar med kundar i andre konsesjonsområde til standardtariffar, fast pris eller marknadsprisar.

Note 20 Finansiell marknadsrisiko

Som kraftprodusent er Sognekraftkonsernet utsett for store svingingar i marknadsprisane på kraft. For å handtere og redusere denne risikoen har styret vedteke retningslinjer for risikostyring som tilseier at ein relativt stor del av krafta skal vere seld for dei første åra. På denne måten vert årsresultatet mindre utsett for svingingane i kraftprisane enn det som elles ville vore tilfelle. Det er etablert rutinar som sørgjer for at dei fastsette posisjonane vert overhaldne. Produkt Sognekraft handlar for å redusere risikoen er futures og forwards på Nasdaq OMX og forwards i den bilaterale marknaden. I tillegg kjøper konsernet sals- og kjøpsopsjonar for sikringsformål. Sognekraft har ikkje utstedte opsjonar i si porteføljе. Konsernet er utsett for valutarisiko gjennom finansiell handel av kraftkontraktar. Desse er notert i euro. Kortsiktig overskotslikviditet vert plassert i bank.

Note 21 Transaksjonar med nærståande

Alle transaksjonar mellom Sognekraftkonsernet og nærståande partar er basert på marknadsmessige vilkår. I hovudsak gjeld dette kjøp og sal av tenester. Konsoliderte transaksjonar med dotterselskap vert vist til konsernrekneskapen. Enkelte av avtalane med Leikanger Kraft AS er meldepliktige og er meldt Foretaksregisteret.

Nærståande part	Forhold	Fordring	Gjeld	Drifts inntekt	Varekost	Rente inntekt
Leikanger Kraft AS	TS 50%	281 657	18 279	105 916	2 800	18 304
Nydalselva Kraft AS	TS 50%	0	0	2 422	26 157	46 099
Kuvelda Kraft AS	TS 49%	0	0	7 307	0	152

Note 22 Andre forhold

Verksemdsområda nett, kraftsal til sluttbrukarar og fiberaktiviteten i dotterselskapet Sognekraft AS er i 2021 skilt ut til dei nye selskapa Sygnir AS, Sognekraft Straum AS og Sognekraft Fiber AS. Dei utfisjonerte verksemdene er operative med rekneskapsmessig verknad frå 1. januar 2021. Sognekraft Straum AS er i mai 2021 selt til Kraftfire AS.

Det pågår vidare ein prosess der nettselskapa Aurland Energi Nett AS og Lærdal Energi Nett AS blir fusjonert inn i Sygnir AS, og fiberverksemda i Lærdal Energi Fornybar samt Aurland Energi Fiber AS vert fusjonert inn i Sognekraft Fiber AS.

I juni 2019 mottok Sognekraft AS stemning frå ESPF/ KGAL med krav om erstatning knytt til påstått urettmessig heving av tidlegare avtale om sal av selskapet Fjærland Kraft AS. Avtalen vart heva 1. oktober 2018, etter at siste frist for gjennomføring av salet var passert. Rettssak vart gjennomført i februar 2020, og Sognekraft vann på alle punkt i rettssaka, inkludert dekking av sakskostnader. ESPF/ KGAL har anka saka inn for Borgarting Lagmannsrett, men Sognekraft vurderer det som lite sannsynleg at anken fører fram.

Sognekraft

REVISJONSMELDING

Deloitte.

Deloitte AS
Fosseltunet 3
Postboks 206
NO-6852 Sogndal
Norway

Tel: +47 57 67 65 70
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Sognekraft Mor AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Sognekraft Mor AS' sin årsrekneskap som viser eit overskot i selskapsrekneskapen på kr 14 509 000 og eit overskot i konsernrekneskapen på kr 81 258 000. Årsrekneskapen består av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- er årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrifter
- gir selskapsrekneskapen som følgjer med eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Sognekraft Mor AS per 31. desember 2020 og av selskapet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.
- gir konsernrekneskapen som følgjer med eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til konsernet Sognekraft Mor AS per 31. desember 2020 og av konsernet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

© Deloitte AS

Registrert i Foretaksregisteret Medlemmer av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

Deloitte.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapets og konsernets sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet og konsernet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.
- innhentar vi tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den

Sognekraft

konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betyding i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til resultatdisponering er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag *(ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon»*, meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Sogndal, 18. mai 2021
Deloitte AS

Gunn Irene Sviggum Bruheim
statsautorisert revisor